

LNK AVISA

info@lnk.no

NR 4 • 2007 • ÅRGANG 6

www.lnk.no

Livet som innsats



Herøy kommune veit kva det vil seie å ha havet som arbeidsgivar.

• Sjå s. 10



(Foto: Jan Nordtveit)

Har rydda opp



For Fedje er kvikksølvbefengt ubåt og massivt oljesøl eit tilbaketog kapittel. - Utfordringa for framtida blir av eit anna kaliber, seier avtroppande ordførar Walderhaug.

• Sjå s. 20-22

Bokmålsvang



Gjennom innføringa av ny programvare blir Lund kommune nødt til å sende ut brev til innbyggjarane på bokmål. Det meiner rådmannen er for gale.

• Sjå s. 14

Heller veg enn skule

Vegar, bruer, ferjer og kollektivtrafikk engasjerer lokalpolitikarane langt meir enn kultur og skule. Det syner ei kartlegging gjort blant LNK-ordførarane. På spørsmål om kva som er den viktigaste oppgåva for kommunereg, kom samferdsle klart ut som ein einar.

Ikkje så overraskande, meiner politikarane. - Det er flest mannlege ordførarar i landet, og samferdsle er ein manskarena, seier ordførar i Hareid, Gunn Berit Gjerde frå Venstre.

Kartlegginga syner at berre 7,4 prosent av dei som svarte synest skulepolitikk er viktigast for framtida. Over halvparten meiner dessutan at større regionar må erstatte dagens fylkeskommunar.

• Sjå meir om kartlegginga side 18 og 19

Dahle held fram i LNK

• Sjå s. 15

ABC Startside

Vi gjer nettet nyttigare!

www.startside.no

Å BERA PÅ LIVET I EIN TRÅD



Stiftinga Rasmus Løland-markeringa ynskjer å invitara til seminar i Asker med fokus på psykisk helse med utgangspunkt i forfattern Rasmus Løland

Målgruppa for seminaret er helse- og kulturarbeidarar som har med andre menneske å gjera, lærarar og andre interesserte.

SpareBank 1 SR-Bank

Norsk Plan as

Snaugesunds Avis

ABC Startside

Asker Museum
11. og 12. oktober 2007

Meir informasjon:
www.nashornet.no

Informasjonsavis for
Landssamanslutninga av nynorsk-kommunar

Redaktør
Einar Schibevaag

Fylkeskommunal marknadsmakt

Eit sikkert haustteikn er at elevar i den vidaregåande skulen er ute og kritiserer forlaga og sentrale styresmakter for ikkje å ha undervisningsmateriellet klart på begge målformer til skulestart.

Hausten i år er ikkje noko unnatak, og me har sett ei rekke skulestreikar ved skulane.

Det gler oss at det er streikevilje mellom dei unge for eit krav som er så sjølvsgt. Og me gremmest over at dei ansvarlege ikkje har rydda opp i denne stoda.

Likevel er me i ein ny situasjon denne hausten. No er det fylkeskommunen sjølv som skal koste bokkjøpet til elevane. Med det sit fylkeskommunane med ei utruleg marknadsmakt.

Skuleboksallet er ei svært viktig inntektskjelde for forlaga, og kan ikkje forlaga levera materiellet til skulestart bør det kosta dei dyrt.

Å nytta dagbøter slik andre næringar opplever i møte med mellom anna kommunal sektor når varene ikkje blir levert til fastsett dato slik avtalen tilseier, må vera vegen å gå.

Sogn og Fjordane og Hordaland fylkeskommune er i ein unik situasjon, og me oppmodar dei å setja denne saka på dagsorden med sikte på neste skulestart.

La oss vona skulestarten i år var det siste året der elevane byter målform på grunn av forlaga ikkje har levert materiellet slik dei skal.

Ei myte

Rådmannsvelde er ei myte seier professor Audun Offerdal ved universitet i Bergen. Han meiner kartlegginga som er utført av LNK-avisa der 72.6 prosent av ordførarane ikkje føler seg overkjørt av administrasjonen i sitt politiske virke stadfestar dette.

Det gler oss at dei folkevalde har eit sterkt grep om å leia utviklingsprosessane i kommunen. Det skulle berre mangle at ikkje gjennomføringa av politiske føringar av administrasjonen blir slik intensjonane var.

Likevel må det vera lov å spørje kvifor så mange rådmenn må rydda pulten sin kvart år om ikkje der er ei og anna politisk tå som er trødd på.

Skal me tru dei sypunkter som kjem frå mange folkevalde om administrasjonsregime i mange kommunar

Utgjevar:
Landssamanslutninga av
nynorsk-kommunar (LNK)

Redaksjon:
Astrid Eidhammer Hjelmeland
Ingrid Hillestad
Judith Sørhus Littlehamar
Toyni Tobekk
Sigbjørn Høidalen

Korrekturlesar:
Ola Hauge

Adresse til redaksjonen:
LNK-Avisa
Næringsbedet i Vatlandsvåg
4235 Hebnes

Telefon 52 79 04 80
Telefaks 52 79 04 81
E-postadresse:
bladstova@lnk.no

Montering:
Norsk Plan A/S -
Astrid Eidhammer Hjelmeland
Trykk:
Sunnhordland
Opplag omlag 6000

Bladet kjem normalt ut 6 gonger per år og kan tingast hjå
LNK, tlf. 22 33 14 00,
LNK-Avisa, tlf. 52 79 04 80,
eller bladstova@lnk.no
Pris kr 150 per år.

Utgjevsplan
19/10, 7/12

Annonseprisar:
1/1 side kr 17 000,-
(248x360 mm)
1/2 side kr 10 000,-
(248x175 mm eller 124 x 360 mm)
1/4 side kr 6 500,-
(128x175 mm eller 57x360 mm)
20 kroner per millimeter.

Prisane gjeld ferdig materiel.
Tillegg for farge.

Annonser blir å levera
som pdf-fil til:
bladstova@norsk-plan.no

Ein felles identitet

Å TA FLY til Ørsta er som å flyge over ein uvaska elefanthud. Flyet stuper ned, der blir ein henta, eller ein får skyss. Rett ovenfor flyplassen ligg Aasentunet, teikna av Sverre Fehn. Her inne denne helga var alle nynorskingane for å feire skriftspråket sitt. Eg kjenner dei att frå bilete. Andre kjenner eg att ut frå fordømmar, men det er ikkje så mange som eg hadde trudd. Bortsett frå ein tilsett i kafeen såg eg ingen innvandrarrarar, og i alle fall ingen frå det lokale næringslivet nede i bygda - dei skriv på engelsk. Nyleg skifta Euroskilt Ørsta namn til SafeRoad Group.

INNE PÅ AASENTUNET kom NRK-sjef Hans-Tore Bjerkaas til å forsikre om at han tek nynorsken på alvor. VG-kommentator Olav Versto skulle, ifølgje seg sjølv, få på pukkel, bøye nakken og ta i mot. Alt sjølvsgt fint og inspirerende, men til kva nytte?

Høgrebyråd i Oslo, Erling Lae reiser ikkje til Ørsta. Versto reiser rett heim til Oslo og tek att makta. Heller ikkje nokre av dei andre maktfolka som brukar tida si på å halde avisa eller skulen sin fri for spynorsk, var til stades for å sjå han bli avkledd. Midt nede i den eine store rynka i elefanthuda sat nynorskfolket altså og hytte med nevane og snakka med seg sjølv. Kor lenge kan det gå, lurte eg, før eg nattetid tok meg i å byrje å kvede.

NESTE ÅR BØR Dei Nynorske Festspela leggjast til Holmlia og tore å stille meir provoserande spørsmål enn dei same gamle. På Holmlia har ein skjønna at ein ikkje kan halde fram med nynorsk som eige fag. Lærarane

KRONIKKFORFATTAREN

HILDE SANDVIK

kronikk- og debatt-
redaktør i Bergens
Tidende



på Holmlia ungdomsskole med 60 prosent minoritetsspråklege elevar, meiner det er rasisme å tru at innvandrardom ikkje er i stand til å lære to skriftspråk. Dei har nynorsk-bøker i andre fag enn norsk, mellom anna KRL. Dei opplever at straks ungdomma-

ne blir eksponert for meir nynorsk i kvardagen, så forsvinn fordømmarane. At det er slik med fordømmarar, veit minoritetar godt. Dette veit også alle som skriv nynorsk. Det er difor nynorsken passar så godt nettopp på Holmlia.

DERSOM EIN LEGG Dei Nynorske Festspela til den mest fleirkulturelle bydelen i landet der dei høyrer heime,

kan ein kanskje også tore å stille det vanskelegaste spørsmålet av alt: Er nynorsk eit minoritetsspråk? I så fall: Kva så?

*Neste år bør dei Dei
Nynorske Festspela
leggjast til Holmlia og
tore å stille meir pro-
voserande spørsmål
enn dei same gamle.*

Kommentarer

Hilde Sandvik får mange merknadar i nettutgåva til Bergens Tidende for sine synspunkt. Det spesielle er at berre femti prosent av dei tek utgangspunktet i innhaldet. Resten handlar om språket hennar. Her nokre døme som vitnar haldningar til målformene våre utanfor den trygge bastionen på Aasentunet.

· Nynorsk er en suppe av radbruket norsk og svensk. Det har ingenting med språk å gjøre

· Eg legg gjerne om til bokmål. Språk=kommunikasjon. Alle som skriv nynorsk skjønner også bokmål.

· Det er meningsløst at skoleungdom må avlegge eksamen i nynorsk.

· La hovedmål være valgfritt. Hvorfor skal ungdom kaste bort tid på noe de ikke trenger?

· EIN felles identitet". Jeg husker det gamle totalitære sloganet: "Ein Volk, ein Reich, ein Führer".

· Nynorsk er eit vakkert språk. Tristare er det at ein medarbeidar i ei viktig nynorskeavis trur ho meistarar det og offentleggjer forsøket.

· Tidlig på 70-tallet var nynorsk på vei ut av norsk skole. Men, da AKP-ml ble startet i 1973, var en av kampsakene å få nynorsk side-stilt med bokmål.

· Da jeg var liten på 70-tallet så ble bokmål sett på som Oslo dialekt der jeg kommer fra på Østlandet, så jeg så for meg fisefine eldre damer fra vestkanten i Oslo da jeg hørte bokmål.

red.

SAMLAGET FEIRAR LØLAND-JUBILEET MED NYE BØKER



RASMUS LØLAND

Kvitebjørnen
Illustrert av
Åshild Irgens

Innb. ca kr 199,-

Denne biletboka fortel historia om Kolbein, Andres, Pål og Gunnar som byggjer ein kvitebjørn i snøen og som kryp inn i bjørnekroppen. Der inne fortel dei eldste gutane om alle eventyra som kvitebjørnen har vore med på ...



RASMUS LØLAND

Kor vart det av jula?

Innb. ca kr 179,-

Hallvard gjer det som alle barn ein eller annan gong gjer, men ønskjer dei aldri hadde gjort: han går nedi kista til den heimkomne bror sin utan å få lov, og det går ikkje slik han hadde tenkt ...

Løland skildrar i denne langnovella korleis barn opplever anger og skam.



RASMUS LØLAND

Gutar
Illustrert av Åshild Irgens

Innb. kr 249,-

Eit utval av Lølands beste forteljingar. Titlane vil vere både velkjende og mindre kjende: *Bjednekniven*, *Kvitebjørnen*, *Hunden og katten*, *Det store nashornet*, *Bekafanten* og *Den store ormen*.

Språket er modernisert av Arnt Birkedal.



ERNST BERGE DRANGE

Rasmus Løland
Barnebokpioneren frå Ryfylke

Innb. kr 399,-

“Drange veit å elte og kna eit slikt detaljrikt stoff, han maktar å måle fram bilete av situasjonar og jamvel ei kjensle av stemningar”
Bjørn Kvalsvik Nicolaysen,
Dag og Tid

www.samlaget.no

Det Norske  Samlaget



UNDRANDE OG SKAPANDE
STIFTINGA RASMUS LØLAND-MARKERINGA 2007 – 2011
Asker kommune, ABM utvikling, Kunnskapsdepartementet, Rogaland fylkeskommune,
Ryfylkefondet og Suldal kommune

 Norsk Plan as

 ABC
Startside

 SpareBank 1 SR-Bank

 Haugesunds Avis



Landssamanslutninga
av nynorskkommunar (LNK)

•
P.B 7044
St. Olavs plass
0130 Oslo

•
www.lnk.no

•
info@lnk.no

•
Dagleg leiar:
Vidar Høviskeland

•
Styret:
Jan Magne Dahle, leiar
Astrid Myran Aarvik, nestleiar
Solfrid Borge
Kjell G. Helland
Rune Øygard

•
Varamedlemer:
Nils R. Sandal
Velaug Veum
Oddvar Haugland

•
LNK arbeider for å skape positive haldningar til nynorsk språk og kultur og for at kommunane og styresmaktene tek desse sakene opp gjennom sine planverk.

•
LNK tek på seg å vere talerøyr for medlemene og spreie informasjon som styrkjer dialektane, nynorsk skriftspråk og dei kulturtradisjonane dette står for.

•
LNK samarbeider med:
Bladet Sunnhordland
KLP forsikring
Hotell Bondeheimen
Fagforbundet
Kommunalbanken

Høviske ord

Det er ei skam at Kunnskapsdepartementet ikkje syter for at nynorskelevane i den vidaregåande skulen får lærebøkene sine til skulestart. Hadde dette skjedd berre eitt år kunne me ha skrive det på kontoen for hendelege uhell. Men dette har no vore eit problem sidan eg sjølv gjekk på gymnaset – og det er lenge sidan. Den gongen – på syttitalet, streika me, me gjekk i protesttog mot styresmaktene og me brukte nett dei same argumenta som Norsk målungdom og tusenvis av sympatisørar brukte då dei streika i slutten av august i år. Massive protestar gjennom meir enn tretti år har altså ikkje ført til noko anna enn skuldertrekk i departementet. I ei tid der konspirasjonsteoriar er i vinden som aldri før, er det lett å sjå for seg ein statleg kampanje mot nynorsk i dette mønsteret.

Me veit at det er i den vidaregåande skulen flest elevar går over frå nynorsk til bokmål, og me veit at dei som først har skaffa seg ei lærebok på bokmål som regel ikkje gidd å ta seg bryet med å skifta til nynorskversjonen når han endeleg kjem – oppunder jul.

Det mest irriterande er likevel at dette er det enkelt for departementet å gjera noko med. Opplæringslova slår fast at nynorsk- og bokmåselevar har same rett til bøker til same tid og til same pris, men sidan det ikkje er knytt sanksjonar til lova kjem forlaga seg unna systematiske brot på lova kvart einaste år – medan Kunnskapsdepartementet toar hendene sine.

Me har for tida ei regjering som seier prisverdig mykje bra om den norske språksituasjonen, både i Soria Moria og seinare. Men læreboksaka klarar dei altså ikkje å løysa. Kva med ei statleg presisering av at lærebøker som ikkje ligg føre til rett tid ikkje vert godkjende for bruk i det aktuelle skuleåret, og at slike bøker ikkje kvalifiserer til eventuell statleg støtte.

Ordninga med statleg godkjenning av lærebøker vart dessverre fjerna for nokre år sidan. Dette har ført til at kjem ut ei rekkje altfor dårlege lærebøker. Dette er eit problem i seg sjølv. Mange av nynorskversjonane av desse bøkene er dessutan hasteomsette frå bokmål – og ber tydeleg preg av det. Kanskje det er på tide å innføra godkjenningsordninga att, og

utvida verkeområdet med ein tilsynsfunksjon: at læremiddel som ikkje ligg føre til same tid og til same pris ikkje skal kunne kjøpast inn av kommunar og fylkeskommunar. Det er på tide å krevja at også norske forlag viser eit samfunnsansvar.



Vidar
Høviskeland
er dagleg leiar
i LNK

Tenk nytt om innvandrarane

Innvandrarar set preg på landet og skapar endringar i samfunnet. Det kan ein kommune ta lærdom av og nytte aktivt, seier innvandringssekspert Elisabeth Seim Christensen.

TOYNI TOBEKK
toyni@norsk-plan.no

Når norske kommunar marknadsfører seg for å lokke til seg turistar og nye innbyggjarar, så er det ofte med bilde av storslagen natur. I den grad det er folk med i bildet, er det kvite ryggsekkberande menneske, gjerne i ein kjernefamilie. Ikkje-vestlige innvandrarar ber kanskje på ein draum om å byggje seg hytte på landet, seier eksperten.

- Menneske med bakgrunn frå andre land og med annan hudfarge enn vår har etterkvart blitt ei kjøpsterk gruppe. Kven vender seg til dei?

NY KUNNSKAP

Seim Christensen seier innvandrarar set spor etter seg på mange område i samfunnet som vi kanskje ikkje tenkjer så mykje over.

- Innvandring fører med seg ei heilt anna verdiskaping. Møbelbransjen må tenkje nytt, me får reisebyrå med nye destinasjonar og frisørsalongar med ekspertise på fleire hårkvalitetar, for å nemne noko.

Utfordringa for kommunane blir å bruke denne kunnskapen til å opne seg mot turistar og nye innbyggjarar – også mellom innvandrarane. Sem Christensen seier openheit mot innvandrarar er eit konkuransefortrinn kommunane bør vere bevisste på å bruke.

- Ein kommune som skal bli teken alvorleg bør vise vilje til å forandre seg og dessutan våge å bruke mangfald som ei merkevare.

Innvandring

Alle kommunar i Noreg har innvandrarar, berre to kommunar har ikkje innvandrarar med ikkje-vestleg bakgrunn. I Oslo har kvar fjerde innbyggjar innvandrarar bakgrunn, men også ute i distrikta utgjer innvandrarane etter kvart ein stor del av samfunnet. Polakkar og svenskar er dei gruppene som har størst netto innvandring for tida.

ABC
Startsida

Over 600.000
unike brukarar
kvar einaste dag!

Noregs einaste
nynorske startside

www.startsida.no

Fristar med moderne arkitektur

Steinar Skjerdingsstad og Blilyst har tru på at moderne arkitektur skal trekke folk til bygda. Det resulterte i arkitektkonkurranse for å stimulere til nye bustadløysingar.

JUDITH SØRHUS LITLHAMAR
judith@norsk-plan.no

Blilyst er eit utviklingsprogram for innlandskommunane i Sør-Trøndelag, samt Rindal i Møre- og Romsdal. Målet er å få folk til å bli verande, og å auke folketalet.

- Me arbeider med lystbasert utvikling, med dei personane som har lyst. Skal ein få til noko lokalt må det også vere lokale som har lyst, seier Skjerdingsstad, som er dagleg leiar i Blilyst.

I den neste treårsperioden skal prosjektet fokusere på omdømmebygging, ungdom og entrepenørskap, næringsutvikling i regionen og desentralisert utdanning. Under årets Vågåseminar vart det lagt opp til debatt omkring estetikk og arkitektur på landsbygda – der også resultatet av Blilyst sin internasjonale arkitektkonkurranse: "Moderne buløysingar på landet" vart presenterte. Kjendisarkitekt Finn Sandmæl var ein av dei som var i tvil om satsinga på moderne arkitektur var vegen å gå for bygda. Etter hans mening var den klassiske byggeskikken meir relevant for små bygdesamfunn. Sandmæl er mest kjent for å teikne Kjell Inge Røkkes hyttepallass på Oppdal – og gav klårt uttrykk for at han ikkje meinte storleiken på hyttene var tilstrekkeleg til å meine dei ville øydelegge det estetiske biletet av naturområda. Langt viktigare er plasseringa av hyttene, meinte han.

VISER BREDDA

- Det visuelle inntrykket av bygda i dag er så ymse, no vil me setje fokuset på estetikk, seier Skjerdingsstad, og legg vekt på at ein må innsjå at me lever i ei ny tid. Det skal etter hans mening også vise att i byggekunsten, samstundes som ein går inn for å ta vare på kulturarven. Skjerdingsstad trur moderniteten vil lokke folk til bygda, men den må ha ei



Dagleg leiar i Blilyst, Steinar Skjerdingsstad, har tru på at moderne arkitektur kan vera ei løysing – også på bygda. (Illustrasjo: Blilyst)

solid lokal forankring. Arkitektkonkurransen kom i stand for å skape heilt nye idear og konstruksjonar for bustadløysingar, ikkje for å skape ein bykopi på landsbygda.

- Arkitektane kunne velje mellom fem ulike tomter i fem ulike kommunar. Konkurransen gav ei veldig interesse, slår han fast og viser til at juryen mottok 65 forslag. Blant dei fire premierte forslaga finn ein både urbane døme på bustadar og bustadar der ein har utvikla eksisterande og tradisjonelle byggeskikkar.

- Juryen har med dette prøvd å vise breidda i konkurransen, seier Steinar Skjerdingsstad.

Debatten i salen under Vågåseminaret reflekterte også kommunane sine behov for alternative bustadar som er

sentrumsnære og retta spesielt mot ungdommar og eldre.

VIL HA KOMPETANSESENTER

I samband med Vågåseminaret hadde også kjendis-bonde og medlem av kommunaldepartementets Bolystråd, Inga Berit Lein, foredrag om resultatet rådet no har landa på for å auke folketalet i mange kommunar.

Ho fokuserte også på det estetiske inntrykket av bygda og behovet for marknadsføring av det unike bygda har å tilby.

- Ein må arbeide målretta med kommunikasjon, næringsutvikling og stadsutvikling.

- Me må selje kommunane våre, som alle har eit unikt produkt å tilby – me må

berre finne kundane, meiner ho og viser til at det er viktig å skilje seg ut.

- Mange av kommunane reklamerer med flott natur og mindre stress – men dersom 50 kommunar marknadsfører seg slik er me like langt.

Kulturredaktør i Bergens Tidende, Jan Nyberg, hadde derimot lite tru på marknadsføring av bygda.

- Ein kan ikkje marknadsføre verdiar som ikkje er etterspurde, og som ikkje finnest. Trenden er på byen si side, slo han fast.

Bolystrådet vil også opprette kompetansesenter for mindre bedrifter, samstundes som dei vil styrke lokale og regionale næringsfond.

WWW.MAGASINETT.NO

einaste intelligente nettstaden for ungdom
– på nynorsk!

Kyst og fiskeri

Kvinna på havet

- Det er ikkje alltid me et fisk, smiler Torunn Sildelid frå Vatlandsvåg i Suldal. Det hender me kjøper oss nokre saftige koteletter som me steiker i panna i sjarken.

ASTRID E. HJELMELAND
astrid@norsk-plan.no

Sidan Torunn Sildelid var 35 år har ho og mannen hatt fiske som felles leveveg. Men Torunn var ikkje van med fiske frå ho var lita, oppvaksten som ho var saman med sju sysken på ein fjellgard i Suldal.

- Fiske er ikkje eit yrke eg har valt, men eit yrke eg blei dratt med i av mannen min Sven Kåre Sildelid, seier ho.

Etter at minstemann fylte sju vart ho med mannen og kompanjongen hans ut på fiske, og dei fann raskt ut at dei fungerte godt saman til sjøs også. Sidan den gong har fiske vore leveveg for dei begge.

- Me veit kva me skal gjera og me samarbeidar godt, smiler ho.

ENGASJERT

Men ho er ikkje berre driftig til sjøs. Engasjementet er stort og ho er mellom anna styremedlem i Hjelmeland og Suldal Fiskarlag. Der har ei av fanesakene dei siste åra vore korleis ein skal få bukt med "oppdrettseien", som har blitt eit stort problem for fiskarar i Ryfylkebasenget.

UANSETT VER

Den største utfordringa med å vera fiskar er i følgje Sildelid å få gjort jobben i dårleg vær. Medan "vanlege folk" kvir seg for å vera ute i regn, sludd og ruskevêr, er sterk vind, sterke straumar og høge bølger dei største utfordringane for fiskarar.

- Det har hendt fleire gonger at eg har hatt blåsa i handa, men har måtta sleppe på grunn av for stor sjø, seier ho.

I dag er det Torunn som tek seg av sjølve fisket medan mannen må halda seg i styrehuset grunna dårleg helse. På ein god dag kan dei få så mykje som 500 kg fisk som dei leverer på mottaket på Skiftun.

- Kjensla av at ein har fått gjort det ein skal er umåteleg god, seier Sildelid.


Medan høysesong for fiske er når torsken kjem i februar og mars, hentar dei heim sei og anna fisk i september og oktober. Om sumaren fiskar dei makrell med landnot.

- Det er ikkje noko vær for fiske med garn nå om sommaren, seier Sildelid.

- Fiske blir ikkje god om han står på garna i temperert vatn over natta, fortel ho.

SESONGARBEID

Med ein 32 fots plastsjark med sjølvhalar og garngreiar fiskar dei og leverer fangsten på fiskemottak på Skiftun på Hjelmeland to dagar i veka. Dei er ute kvar dag i sesongen og har med is som



Torunn Sildelid har hatt fiske som leveveg saman med ektemannen i over 20 år.
(Foto: Jon Ingemundsen, Stavanger Aftenblad)

dei isar ned fisken i til han vert levert på mottaket.

Dersom dei er ute på lengre turar overnattar dei i sjarken. Der har dei høve til å koka seg både middag og kaffi og har senger og fjernsyn og kvilar seg og har det godt.

- Ligg me i båten er det berre rett opp. Medan mannen min får båten avagarde kokar eg kaffi, og så er me klare for ei ny økt, seier Sildelid.

FELLES ERFARINGAR

Men ho må innrømme at det av og til kan det bli litt "einsamt" med ei mann-kone bedrift. - Når dagen er omme har me jo delt alle erfaringane og har ikkje så mykje å snakka om, fortel ho.

Men ho understrekar at fiske på ingen måte er eit einsamt yrke. - Me har sett mykje og lært mykje og me har truffe og treffer framleis mange kjekke folk både på fjorden og på land.

Notis

Tiltak for ferskare fisk

Fiskeri- og kystdepartementet lanserte i haust ein ny strategi som skal sikre forbrukarane meir og betre ferskfisk.

Mellom tiltaka i satsinga Sats ferskt! er varemerking av ferskfisk og påskjøning til fiskarar som held fangsten levande, melder Finnmarken.no.

Blåskjelanlegg skal vekk

Stadig fleire blåskjelanlegg vert lig-gande brakk. Fiskeridirektoratet vil no pålegge eigarar av nedlagte anlegg å rydde opp etter seg. - Etterlatne oppdrettsanlegg er forureining, og kan også utgjere eit trugsmål mot sjøsikringa, seier fiskeri- og kystminister Helga Pedersen.

Ei ny forskrift pålegg alle med blåskjelløyve å garantere at det finst pengar til opprydning etter at blåskjelanlegget vert avvikla. Når det gjeld eigarlaus anlegg ønskjer direktoratet at andre næringsaktørar skal kunne overta utstyret mot at dei ryddar opp.

Kyst og fiskeri

Oppdrett lagar vanskar

Dei siste fire åra har Fiskarlaget i Hjelmeland og Suldal jobba for å få bukt med "oppdrettsseien" og Torunn Sildelid har lita tru på at nokon vil ta over etter henne om problema med "oppdrettseien" held fram.

ASTRID E. HJELMELAND
astrid@norsk-plan.no

Namnet "oppdrettsei" kjem av at seien et laksefor under merdane i oppdrettsanlegga i Ryfylkebassenget.

Seien som er hovudtyngda av fangsten for ekteparet Sildelid og fleire med dei, vert levert til fiskemottaket på Skiftun i Hjelmeland og sendt vidare til Fonn Egersund. Her blir han nytta både til filet og anna fiskemat.

FOR FEIT FISK

Men kiloprisen for "oppdrettseien" har gått drastisk ned dei siste åra, seier Sildelid.

- Resultatet av seien si sniketing er at han vert feit, blaut og får for stor lever. For fiskarane fører dette til at fiskemottaka ikkje ynskjer å ta imot seien då fisken er så blaut at han vert øydelagt i filetmaskinen.

Til sjuande og sist blir det ikkje mange kroner i kassen for fiskarane langs kysten.

Det er ikkje så løye at fisken let seg freista av lett tilgjengeleg for. Berre i fjordane i Hjelmeland og Suldal er det på fiskeridirektoratet sine heimesider



Oppdrettseien har fått namnet på grunn av at han et store mengder lakseoppdrettsfor som igjen gjev ein deformert utsjånad og svekka kvalitet. (Foto: Torunn Sildelid)

registrert 29 akvakulturlokalitetar. Av desse er 17 lakseanlegg, medan resten er anlegg for oppdrett av kveite, torsk, blåskjell og østers.

SVEKKAR TURISTNÆRINGA

Dei lokale fiskarane er ikkje aleine om å vera misnøgde. Tyskarar som kjem til kommunane i Ryfylke for å fiska reagerer på den deformerte fisken og ser ikkje gleder

av å få sei på kroken lengre, seier Sildelid. - Det er ikkje bra for turistnæringa når ryktet om dårlig fisk spreier seg.

Fiskarlaget jobbar for å få oppdrettarane til å mata laksen annleis slik at villfisken ikkje får i seg så store mengder av foret. I hovudsak er det seien som har lete seg freista av foret frå anlegga, men i følge Sildelid kjem både makrell, hysa, lyr og torsk raskt etter. Representantar frå fiskarlaget, oppdrettsnæringa og fiskeridirektoratet jobbar i desse dagar med å koma fram til ei løysing som forhåpentligvis vil gagna alle partar.

Mot nye mål

11.500* unike brukarar
169.000* sidevisingar i veka
Oppdatert kvar dag

24.000** lesarar
måndag tysdag onsdag
torsdag fredag

= større dekning

Notis

Eit økologisk alternativ

Dei er aleine i Noreg og eit av to selskap i verda som produserer økologisk torsk.

Sidan oppstart i 1995 har oppdrettsselskapet Villa i Vestnes i Møre og Romsdal eksportert økologisk fisk til Storbritannia, Belgia og Nederland.

Ifølgje Stavanger Aftenblad er Villa i ferd med å jobba for å få torsken deira inn på den norske marknaden. Haldningar er i endring og Villa ser og at fokus på klima og miljø aukar og dette får vidare konsekvensar for etterspurnaden etter økologisk mat generelt.

Produksjonen av torsk er regulert av Debio sine standardar, og det er kun er lov å nytta økologisk sertifisert for. Vidare skal ein ikkje nytte koppersulfat impregnerte nøter. Det skal vera lågare tetthet i nøter, og haustemetoden skal vera human og til beste for fisk og folk.

kjelde: villaorganic.com

Sunnhordland

* I snitt pr. veke **Gallup 1/2007

eto kommune er
 k situasjon at for å l
 nye ting, m
 na. Dette sk
 ra
 e kommentar
 psrapporter
 Han peikar på at
 ske analyse
 ner at presse
 de
 te teneste
 a
 vesteringsniv
 er l
 n fører til at det
 amt, og prior
 as
 Svefo kom
 e l
 ert mykje. D
 e g
 nskeleg å l
 gje
 nester eller
 ter
 anfor det ram
 er tildelt utan at e
 era vekk andre t
 rappen
 g på
 n rapport
 er l
 grunn til uro. Bå
 for halda fram
 ed
 rt sett i gang
 rten og følg
 opp
 erlegare til
 Mellom det
 mat
 p til, er ein total
 gje
 alle teneste
 inge
 på å få fram
 ans
 sial. I dette
 be
 ra retta se
 ingar som
 neskapstvi
 ng
 n vil og kart
 ja
 på eininga
 la
 aka omstilt
 av
 å sjå til at de
 rter
 rdering av led
 ysing av dese
 erne delegas
 onsr
 al gjennomg
 ast
 edell for til
 g
 ar til skul
 sk
 beidet med
 et
 ministrativ
 ma
 på å frigje
 es
 da fram.
 Det går vite
 fr
 apira at dette
 er
 ed sjølvstyrte
 eit
 nsippet er at ein
 s
 g resultatet i
 es
 annen er kom
 trat
 g, men den
 tve
 n totalt sett
 g
 ne
 krev enno
 st
 ar
 aplin.
 Tala for først
 halv
 erforbruk på til
 llionar kroner. Ra
 barnehage
 e
 uk på 3,1
 for
 ma opp i 3,7
 so
 rt gjort kor
 rir
 område helse
 o
 ner overforbruk på
 r og vil kunna
 kort
 som det i
 e
 dringar. På
 e
 ant
 atteinnkom
 ka,
 ste halvår.
 reskoyta «H
 øy
 i F
 oldrøy
 n i
 04, men er sn
 ut
 no ikkje f
 i
 ss kommun
 r
 ellom anna
 tvang
 000 kroner
 e
 Saka har vore
 flet
 mmunen etter
 det
 vart vurdert
 auka
 ner. Eigaren
 kl
 vedtaket,
 l
 nde difor sak
 ei
 annen i vint
 Der
 e månader
 i
 ne fekk til
 svar i
 ne saka er
 i
 e F
 n klageinst
 av
 n sjølv kan
 avgjer
 n dette med
 direk

Kyst og fiskeri



Kveita skal selje Hjelmeland

Magnus Skretting (t.v.) bar all grunn til å smile. Det går godt for kveiteoppdrettet på Hjelmeland. Her saman med rådmann Øyvind Bergøy (Foto: Judith Sørhus Lillehamar)

**Kveite frå Hjelmeland er i ferd med å bli eit merke-
namn. Marine Harvest satsar
på å etablere flyndrefisken
som eit eksklusivt nisjeprodukt.**

JUDITH SØRHUS LILLEHAMAR
judith@norsk-plan.no

Kveita frå Hjelmeland har etablert seg internasjonalt, og var ein av grunnane til at den trønderiske kokken Sven Erik Renaa fekk prisen for beste fiskerett under kokke-VM i Frankrike tidlegare dette året. Med til Lyon var også ordførar i Hjelmeland kommune, Terje Thornquist, varaordførar Nils Jarl Nessa og rådmann Øyvind Bergøy. Administrerende direktør i Marine Harvest Cold Water Marine Species, Magnus Skretting er godt nøgd med støtta bedrifta får frå kommunen.

- Det er inspirerende å ha med ein kommune som til dei grader er så interessert i det me driv med, meiner han og trur kontakten med kommunen er ein del av suksessen bak Marine Harvest. Nyleg feira bedrifta 20 år med drift på Hjelmeland.

SKAL VERE NISJEPRODUKT

Marine Harvest med sine fire oppdrettsanlegg for kveite produserer 1000 tonn av den kvite "guddefisken" årleg. Det gir ei omsetjing på 90 millionar kroner. Tek ein med lakseproduksjonen på 40.000 tonn aukar omsetjinga til 1,4 milliardar.

- Kveita vår skal inn hjå topp kjøkkensjefar og seljast på restaurantar med kvit duk. Kokkane er kunstnarar, då må det vere bra råvarer, seier Skretting.

Kveita skal presenterast som Sterling Kveite frå Ryfylke. Eit nisjeprodukt der kvalitet er viktigare enn kvantitet.

- Kveita vil framleis vere eit nisjeprodukt og ikkje produserast i store volum. Det som vil skje framover er aktivitetar rundt. Skal du bygge ein gourmet-profil må du kome med ting i tillegg.

Marine Harvest skal nemleg ikkje berre selje fisk, dei skal selje Hjelmeland og den dramatiske naturen rundt til dømes oppdrettsanlegget i Tytlandsvik. Det handlar om rammene rundt produktet - kvalitet handlar om meir enn smak og utsjånad. Det handlar om marknadsføring.

KOMMUNEN FÅR GRATISPOENG

- Marine Harvest er det viktigaste me har, ei bedrift som har hatt ei eventyrlig utvikling og overgått draumane me hadde, det ser me i dag, seier rådmann i Hjelmeland kommune, Øyvind Bergøy og viser til at laksen og kveita har sett kommunen på kartet.

Hjelmeland er blitt synleg, som produsent av verdskjende råstoff. Fisken sin innmarsj på den internasjonale og nasjonale marknaden har gitt kommunen gratis marknadsføring på fleire vis.

- Her får me gratispoeng så det haglar, ler rådmannen, og minnest kva folk snakka om under kokke-VM:

- Det einaste eg forsto under VM var "kveite frå Hjelmeland", men det vart sagt på høgtalarane til alle tider.

DEN BESTE RÅVARA

Det er fire hovudmarknadane for kveite i verda: Norge, Storbritannia, USA og Sverige. Marine Harvest og Hjelmeland er inne på alle fire. To tredjedelar av produksjonen går ut over landets grenser. I ein slik situasjon er marknadsføring eit nøkkelord.

- I samband med VM vart det sett inn halvanna million til marknadsføring. Dei seks første månadane etter meisterskapen auka volumet med 40 prosent, medan prisen gjekk opp med

15 prosent, slår Skretting fast og legg til at skuldmålet kveita fekk i Lyon var marknadsføring i seg sjølv.

- Det vart sagt at det var den beste råvara dei nokon gong hadde hatt.

GJENSIDIG MARKNADSFØRING

Skretting meiner Marine Harvest er flinke til å ta med seg Hjelmeland og Ryfylke når dei presenterer produkta sine. Saknar han noko må det vere at kommunen, og til dømes reiselivsnæringa, ikkje er så flinke til å bruke oppdrettsnæringa i sin marknadsføring. Noko rådmann Bergøy stussar over.

- Både Hjelmeland og Ryfylke er snare til å snakke om kveite, men sjølv sagt kunne me gjort meir. Det er berre fantasien som set grenser, meiner han.

At kveita skal seljast som eit produkt frå Ryfylke, og ikkje Hjelmeland, meiner Bergøy er heilt greitt.

- Det som gagnar Ryfylke gagnar også Hjelmeland, seier han.

Ryfylke som region er i ferd med eit felles marknadsføringsprosjekt for å skape merkevaren Ryfylke. I løpet av 2007 skal ein felles logo vere på plass, som kommunar, næringsliv og reiseliv skal kunne bruke. Målet er å gjere regionen meir kjent.

PRISEN MÅ OPP

Framtida skal bli eksklusiv. Kveita skal fremjast som eit kvalitetsprodukt med historie.

- I dag sel me kveita vår for billeg, ingenting blir i dag selt under 90 kroner kiloen, seier Skretting.

- Det er truleg likevel det dyraste matproduktet me leverer frå Ryfylke, legg Bergøy kjapt til.

Prisen er dei siste åra blitt køyrt opp, jamt og trutt. Men det er slik det er meiner Skretting. Når ein ikkje skal produsere i store mengder må prisen opp, slik er det berre.

VIL HA STERLING - SKULE

- Kva skjer vidare no?

- No skal me få på plass ein eigen Sterling-skule der me skal trene tilsette, kundar og forhandlarar. Distributørane våre skal bli autoriserte for Sterling-kveita. Dette må kommunen bli ein del av, seier Skretting og vender seg mot rådmann Bergøy som nikkar.

- Ein Sterling-skule, på Hjelmeland?
- Sjølv sagt på Hjelmeland, kor elles?, undrar kveitedirektøren.

Sterling Kveite

Sterling Kveite er oppdretta i vestlandske fjordar av Marine Harvest. Flyndrefisken, som i mytisk tid vart kalla "guddefisken" og sett på som hellig, vert oppdretta i fire år før den er klar for servering. Marine Harvest i Hjelmeland kommune produserer årleg 1000 tonn kveite og 40.000 tonn laks. To tredjedelar av kveiteproduksjonen vert eksportert ut av landet, til Sver-

ige, Storbritannia og USA. I dag ligg kveite - prisen på 90 kroner kiloen. Marine Harvest har 250 tilsette og er Hjelmeland kommune si nest største bedrift. Berre kommunen har fleire tilsette. Nyleg feira Marine Harvest 20 år med drift på Hjelmeland. Tidlegare i år var kveita med på å vinne prisen for beste fiskerett under kokke-VM i Lyon.

Kyst og fiskeri

Fiskevett for born på nett

Fiskeridirektoratet vil auka kunnskapen om havet og kystsona for barn og unge og har nyleg lansert ein ny nettstad



(Foto: Jan Nordtveit)

ASTRID EIDHAMMER HJELMELAND
astrid@norsk-plan.no

På nettstaden, www.fiskeridir.no/fiskeridir/barn_og_unge kan både vaksne og barn henta inspirasjon til å jobba meir med havet og kystsona, anten i heile "fiskeveker" eller som enkeltaktivitetar. Her kan barnehagar, skular og privatpersonar få tips til aktivitetar i sjøen og kva ein kan gjera dersom ein har fiskelukke. Treng du oppskrifter eller tips til eksperiment finn du også lenker til det.

For dei som har gløymt songane om "Lofottorsken" eller må friske oppatt versa i "Historien om dei tre små fisk", er desse tilgjengelege saman med tips til leikar med sjølivet som tema.

AUKA KUNNSKAP OG INTERESSE

I følge informasjonssjef i Fiskeridirektoratet Olav Lekve er barnehagar og skular viktige bidragsytarar i arbeidet med å gje born kunnskap og interesse for livet i havet. Fiskeridirektoratet sitt eige motto er "Livet i havet - vårt felles ansvar" og Lekve håpar at born, gjerne saman med vaksne, skal gå inn på nettsidene og sjå om det er noko av interesse for dei.

I tillegg skal du få informasjon om korleis du kan finna krabbar og om kvifor det er viktig å ta vare på hummaren. Ein kan også lasta ned brosjyrar, hobbyhefter og teikneark.

Hentar inspirasjon i sjøkanten

Måken barnehage er som barnehagar flest, men på éin måte skil dei seg ut. Barnehagen ligg på Flosterøya i Arendal kommune og har kystkultur som hovudsattingsområde.

ASTRID E. HJELMELAND
astrid@norsk-plan.no

- For oss var det naturleg å fokusera på kystkultur då me starta opp for sytten år sidan, seier styrar Ellen Stornes. Med tilbod om 22 heildagsplassar til born frå toårs alderen er det dukka for liv og røre i fjæra.

- Men dette er ikkje ein naturbarnehage, understrekar Stornes. Barnehagen ligg kystnært og har natur på alle kantar. Då er det naturleg å nytte seg av det som er rundt ein, held ho fram. Men når det lir på haust og vinteren gjer det glatt og sleipt på svaberga, held me oss mest på land. Der er det også mykje som kan studerast.

SAMARBEIDER MED FISKAR

I løpet av eit barnehageår plar barnehagen å fordjupa seg i ulike tema innan kystkulturen. Medan fokus i fjor var på

måker har dei i år hatt småkryp på land og i sjøen som tema.

- Det me driv med er veldig kjekt, seier Stornes og fortel om samarbeidet barnehagen har med ein lokal fiskar. Gruppevis har borna i barnehagen fått vera med på ein tretimars tur for å trekke ruser. Medan fiskaren var nøgd med fangsten av ål, fekk borna i barnehagen boltra seg med alt det andre som følgde med. - Det var både fisk og anna materiale som borna kunne laga mat av eller nytta til forming, seier Stornes.

PYNT FRÅ SJØEN

Det dei finn i sjøen og på land er også utgangspunkt for andre aktivitetar som å mala eller å laga eigne skulpturar. - Det er mykje rart ein kan laga av til dømes fiskebein og anna ein finn i sjøkanten, seier Stornes. Juletreet i barnehagen blir pynta med julepynt laga av, skjell, krabbeskal, tang og alger. Tang og alger er tørka og spreia med sølv til glitter og det er laga skjell-pynt og krabbe-"kuler" og lenker av sneglehus. Og stjerna i toppen av juletreet er laga av sjøstjerner. Her er det kun fantasien det står på.

I tillegg til å nytta materialet til å laga pynt er havet og ei god inspirasjonskjelde for å laga eigne eventyr. Stornes fortel at borna sjølve er med å skapa nye eventyr ut frå temaet dei held på med,

og at mange eventyr er inspirert av kva som skjuler seg på botnen av havet.

- Samstundes som me lærer kysten betre å kjenna, har me og eit godt utgangspunkt for å dekkja alle områda ein skal innom i fagplanen, seier Stornes.

GODE RUTINAR

Dei tilsette i Måken barnehage har gode rutinar for tryggleiken når dei skal vera på stranda eller i båt.

- For å ha god kontroll går me alltid i små grupper med born og to vaksne, seier Stornes. Då har me betre oversikt.

I tillegg har kvar av borna sin eigen redningsvest, som dei nyttar for båtturar og badeturar, og minst ein av dei vaksne har oppdatert livredningskurs når dei er i båt eller på badetur.

Dei unngår også å besøkja offentlege strender med mange andre born, og barnehagen ligg slik til at dei har høve til å vitja stader der dei kan vera mest for seg sjølve.

Stornes har også erfaring med å involvera foreldre i utfluktene dersom nokon har høve til det, anten foreldre som jobbar deltid eller "nordsjøfedrar".



Born og tilsette i Måken barnehage i Arendal nyttar materiale frå sjøen mellom anna til å laga julepynt.
(Foto: Måken barnehage)

Kyst og fiskeri

Nådelaus arbeidsgivar

I Herøy kommune på Sunnmøre veit dei at havet gir og at havet tek. Dei siste 300 åra har over 450 menneske frå det vesle øysamfunnet omkome på sjøen.

SIGBJØRN HØIDALEN
sigb-ho@online.no

Den vêrharde og øyrike strekinga mellom Stad og Ålesund er kanskje det farlegaste farvatnet langs heile norskekysten. Her ligg Herøy kommune med sine kring 8400 innbyggjarar og øya Runde ytst ute. Fleire skip har opp gjennom tida grunnstøyt og lagt frå seg så vel gull- og sølvskattar på havets botn som farlig oljesøl på overflata. Dei gamle lósane på Runde arbeidde med livet som innsats, for at andre skulle kome trygt fram. Det kan lokalhistorikar Gudmund Solstad, som har skrive fleire bøker om kystkulturen, fortelje om:

- Øystein Goksøyr var lós på Runde med mange lósar før seg i slekta. Då Øystein slutta i yrket, fortalde han meg at han var den første som ikkje hadde omkome på sjøen.

LUNEFULLT

I Herøyboka har bygdesogeskrivar Bjarne Rabben teke med lister over alle i kommunen som døde på havet. Frå 1715 til 1850 er det ført opp 233 personar, frå 1851 til 1940 162 personar. Listene syner at 95 prosent av dei omkomne var menn. Ved Herøy kystmuseum har fiskarlag i Herøy og Herøy sogelag reist ein bauta der det over to høge kolonnar med namn er hogd inn "Omkomne på havet frå Herøy — 1880 - 1980".

Med moderne båtar og navigasjonssystem har sjølivet blitt tryggare. Men ikkje heilt trygt. I april i år blei lokalsamfunnet råka av ei ny tragedie då ankerhandteringsfartøyet Bourbon Dolphin gjekk ned utanfor Shetland. To av dei åtte omkomne var frå Herøy.

- Korleis verkar det på folk å ha havet som ein slik stor og lunefull arbeidsgjevar, Gudmund Solstad?



Havet, døden og fiskelukka: Ved Herøy kystmuseum ligg den eldste kyrkjegarden i Herøy, og rett utanfor kyrkjegardsgjerdet er det ei brygge for småbåtar. På andre sida av sundet ligg Eggesbønes. (Foto: Andreas Nilsen Ervik)



Havet gir risiko for tap og von om vinning, fortel lokalhistorikar Gudmund Solstad i Herøy. (Foto: Andreas Nilsen Ervik)

- At det er risiko knytt til det å ferdist på sjøen, er vel noko som pregar heile kystkulturen. Eg sjølv kjem frå

Bodø-kanten, og mykje frå Nord-Noreg kjenner eg att her på Vestlandet.

Solstad nemner galgenhumoren som eit kjennemerke. Andre ting er overtrua knytt til det å reise på fiske. Framleis er det folk som berre dreg ut når det er flø, det vil seie stigande sjø. I Herøy ser han samanhengar mellom bedehuskulturen og vêrharde vilkår.

- I kommunen har eg tald opp 20 bedehus, der det så vidt eg veit er aktivitet i alle. Det sit utruleg mykje igjen av den gamle bedehuskulturen her. Dette kan nok henge i hop med nærleiken til havet.

Dei første vekkingane kom mot slutten av 1800-talet. Då blei det òg teken eit oppgjær med alkoholen. Frå gamalt av var det tradisjon å ta seg

ein støyt på sjøen. Det auka ikkje sjansane for å berge seg når brå vêrskifte kravde klar dømekraft.

SMÅ SKILJE

Solstad ser større på det enn at sjøen berre er nådelaus. Havet har alltid lokka med von om vinning og velstand. Det gjeld ikkje minst i dag då Fosnavåg, kommunesenteret i Herøy, blir sagt å vere den største off-shore-hamna kring heile Nordsjø-bassenget. I kommunen ligg òg verdas største lakseslakteri, og heile næringslivet skrik etter arbeidsfolk.

- Det bur praktisk tala sjøfolk i kvart hus, og det å vere fiskar har nærmast heltestatus. Det er eit anna heltebilette enn kva me høyrer om elles i landet, viser lokalhistorikaren til.

Dei som er ute på fiskebåt, kan tene godt, med årslønner på over ein halv million kroner. Dei som styrer dei mange reiarlaga i kommunen, har endå meir att, og vel så det. Men rikdomen som følgjer av eit blømande maritimt næringsliv, er ikkje veldig synlig.

- Det synst eg er noko av det fasinerande. Rike reiarar bur ikkje stort annleis enn vanlige kommunetilsette. Dei som driv næringsliv, har vore flinke til å pløye overskotet tilbake i verksemda. Om det er mulig å oppretthalde dei små samfunnsskilja over fleire generasjonar, er ei anna sak, seier Solstad.

Over gråblå knausar og fjell bles det lett bris. Utanfor huset til lokalhistorikaren i Herøy blafrar det i ein vimpel.

- Det skal visst hardne til. Dei har meldt opp mot liten storm til kvelden. Ja, det er veldig mykje styggvêr her ute. Det har sin sjarm, synst Solstad.

PIRION-KURS

Kurshaldarar med brei erfaring frå folkemusikk, forteljekunst, drama og kulturliv generelt. For meir informasjon www.pirion.no eller ta kontakt med Astrid E. Hjelmeland på 52 79 04 84 eller pirion@norsk-plan.no

Kva kultur er det me ønskjer at barna våre skal lære?

Ole Brum, Ola Tveiten eller Barbie, kor hentar barna opplevingar frå?



**KULTURFORMIDLING FOR TILSETTE I BARNEHAGE OG SMÅSKULE
OG ELLES ANDRE SOM ARBEIDER MED SMÅ BARN**

ABC KRD MVA
ABS KVM NOU
NOK OSV DVD
GPS MVH **KBN**

I det daglege møter du mange nye ord, uttrykk og forkortingar. Frå nå vil du og møta på KBN. Sjølv om me nå har omprofilert oss er vi framleis Kommunalbanken.

Kommunalbanken er den klart største aktøren i kommunemarknaden, med ein marknadsandel på vel 30 prosent for heile den kommunale sektoren og vel 40 prosent for lån til kommunar og fylkeskommunar. Banken har ein viktig sektorpolitisk funksjon ved å bidra til dei lågast moglege finanskostnadane for kommunesektoren. Dette vil framleis vera den viktigaste oppgåva til banken.

KBN Kommunalbanken
Norge

PORTRETTE

Den siste frå Kultur

Han forsvarar nynorsken mot dei som vil den til livs, også innan eige parti. Men at Høgre har svikta kulturen, vil fylkesordføraren i Rogaland ikkje høyre snakk om.

TOYNI TOBEKK
toyni@norsk-plan.no

Høgre er mykje meir eit kulturparti enn det partiet får kreditt for, meiner avtroppande fylkesordførar og styreleiar i Rasmus Løland-stiftinga, Roald Bergsaker.

- Høgre-ordførarane i Sandnes og Stavanger har då verkeleg vist at dei satsar på kultur, gjennom Stavanger som Europeisk Kulturbby 2008.

GAMLE BÅTMOTORAR

Bergsaker sitt eige kulturengasjement skriv seg mellom anna frå foreldra.

– Begeistringa for målarkunst har eg frå mor mi, fortel han og snakkar varmt om Kitty Kielland og Harriet Backer. I ungdommen studerte han historie, og historie som fag har blitt omsett i interesse for kultur. Heilt sidan oppstarten av Jærmuseet har han dessutan sete i styret der.

Kystkultur i det heile er noko han er brennande oppteken av. Gjennom Kystlaget har han fått interesse for gamle båtmotorar, ei interesse han har latt gå i arv til sonen.


– Eg har ein gammal 63-modell Marna, fortel han, men innrømmer lattermildt at der han har ein motor, har sonen 10-12.

KJAPP OG RAUS

Han hastar vidare i samtalen. Bergsaker snakkar fort, han snakkar høgt og lätten sit laust. Han får sagt mykje på kort tid.

Av kollegaer, politiske motstandarar og andre som kjenner han vel blir Bergsaker beskrive som ein tøff, tydeleg, raus og romsleg person.

Ikkje ein gong då VG i fjor hengte han ut for å bruke kommunale kroner til alkohol i politisk selskap, blei omdømmet hans særleg svekka. Mellom anna skal han ha spandert



(Foto: Jan Nordtveit)

konjakk og irish coffee i avskildsselskapet til tidlegare fylkesvaraordførar Eirin Sund (Ap). Det politiske Rogaland lette mest ikkje på ein augnebryn. Ap forsvarte han som ein raus og rundhanda medkollega og ikkje ein gong Krf ønskte å bruke høvet til

å henge ut mannen med spanderbukse.

SKUFFA OVER HØGRE

Vi held oss i politikken. Det er nemlig somme av partifellane Bergsaker er lite fornøgde med:

- Høgre

- Eg er skuffa over måten ungdomspartiet har behandla sidemålet på, seier han og kommenterer Unge Høgre sin politikk om å avskaffe sidemålet ein gong for alle.

Sjølv om det er sidemålet Unge Høgre snakkar om, er det liten tvil om at det nynorsken som skal til pers, meiner Bergsaker.

- Å støyte frå seg alle som brukar nynorsk gjennom slik politikk, nei det er svært uheldig. Det er skuffande.

TAKK FRÅ FLØGSTAD

Såleis var det enkelt å takke nei då Frp inviterte fylkestinget med seg til å prøve å ta vekk tvungen sidemålsundervisning i Rogaland i tråd med sidemålsforsøket i Oslo. Sjølv om forslaget fekk gehør også innanfor Høgre, var fylkesordføraren krystallklar i sitt nei. Invitasjonen og avslaget vekke debatt i lokalpressa og fekk eit noko uventa etterspel for Bergsaker.

- I ein heilt annan samanheng fekk eg Kjartan Fløgstad til å skaffe meg førsteutgåva av Dalen Portland, men dessverre fekk eg aldri somla meg til å sende han ein takk for dette. Heldigvis fekk eg høve til å takke han personleg veldig mykje seinare, og samstundes bede om orsak for at eg var så sein med å svare.

Då så sidemålsdiskusjonen byrja rase etter fylkestingets nei til sidemålsforsøk, fekk Bergsaker eit kort frå Fløgstad kor det stod: "Ein betre takk for Dalen Portland kunne eg ikkje fått. God jul!"

EIT DEMOKRATISK SPØRSMÅL

Det viktigaste med den såkalla målstriden er ikkje at to skriftspråk skal kjempa om plassen, meiner Bergsaker.

- Det er det demokratiske aspektet som er viktig. Det som gjer det muleg for folk å snakke sitt eige språk, anten ein er fylkesordførar, sveisar, jobbar på plattform, sit på toppen i HydroStatoil eller på ein traktor i Suldal.

Eg er skuffa over måten ungdomspartiet har behandla sidemålet på.

- Den nynorske minoriteten har opna for ein større personleg fridom og dermed meir demokrati for alle.

EIT LØFT GJENNOM LØLAND

Bergsaker synest personleg det har vore positivt å vere med å gje nynorsken eit løft gjennom arbeidet med forfattaren Rasmus Løland.

- Veldig inspirerande. Både gjennom Løland-markeringa og gjennom Rogaland fylkeskommune si satsing på

forfattarstipendet har eg sett verdien av å vere med og stimulere skrivande unge menneske.

IKKJE PRESIDENT

Etter valet i haust er det likevel slut, både for fylkespolitikaren så vel som for styreleiaren Bergsaker.

- Etter valet kan eg gå tilbake til jobben min i Forus Næringspark, eller eg kan bli pensjonist, vi får sjå. Eg vil i alle fall ikkje halda fram med å ha nokre politiske verv, seier Bergsaker og rundar av med å fortelje korleis familien takla det når han ikkje vart vald til idrettspresident i sommar.

- Eg forklara barnebarnet mitt på 4 år at farfaren hans ikkje vart vald til idrettspresident fordi folk heller ville ha ei dame til jobben. Då svara fireåringen: "Å ja, så det vart farmor".

Språkråd



Jan Olav Fretland - første-amanuensis i norsk - medlem av Norsk språkråd

Den gode replikken som råkar

Ein kollega, skuleflink, men treneva, har gjeve meg inngangen til språkspalta i dag. Han skulle hjelpe bror sin med snikring, men vart etter kvart degradert til å rydda og feia bos. Då gjorde han ikkje noko gale, iallfall. Så skildrar han broren som står og ser mismotig på han. Så kjem det: "Det er ikkje alle som kan feia!" Dermed er det meste sagt, og kollegaen min teken av oppgåva. Noko av det beste me har i ryggsekken, me som skriv nynorsk og brukar dialekt, er kanskje arven av god kjeftebruk. Det gjev ulike utslag: Det kan vera dei korte fyndorda, som berre ymtar, ikkje seier noko direkte: "Han hadde drukke!" seier me stundom om ein som har gjort noko dumt. Det er knapt vatn karen har rent i seg ...

Eit kvast, kort bilete gjer og god nytte. Når eg får høyra at eg er "snau so ein spa", blir eg nesten stolt, for det er så godt sagt. Men eg likte dårleg då ein meinte eg var berre "kjeften og bakføtene". Og så kjem eg på sognekjeftebruk. Kari Bakke, som skriv slik om ein kar: "Han vil gjerne stå på ein god fot med dei fleste, men det er ikkje alltid han står på same foten ..." Den svir!

Eitt knep er å seia det stikk motsette av det som er meint. "Ho er god soli i dag," sa ein gammal lærdøl til meg. Det ausregna, og han stor der, blaut som ei kråke. Eller viss eg har fått meg ny jakke, og far min tykkjer ho er fin, då seier han gjerne: "Kor mykje har dei betalt deg for å gå med denna, då?"

Eg høyrrer av og til Håvamål i dette, og blir romantisk og tenkjer samanhengen mellom vestlandslandskapet, saga vår og korthoggen kjeftebruk. Det er vel litt lettvindt, men det er noko i det. Det er ikkje tilfeldig at det er vestlendingen Olav H. Hauge som har utvikla denne stilen til litterær meisterskap, gjort kunst av den. Her er mykje å læra om livet i uttrykk som:

"Det er mange skjer i sjøen. / Likevel vart det eit skjer som vart frelsa di." Eller:

"Eg er berre ei slegge. / Eg stend der no. / Eg lyt berre til / når det røyner på.

Rådet i dag, særleg til politikarane før valet: Skriv kort, sei mykje!

Sjølvmelding

Namn: Roald Bergsaker

Alder: 65

Bur: Sandnes

Er: Fylkesordførar i Rogaland sidan 1999, går av etter valet. Styreleiar for Stiftinga Rasmus Løland 2007 - 2011.

I det sivile: Gift, 3 barn, 7 barnebarn

Språk: Snakkar jærdialekt og nynorsk, skriv bokmål

Les: Eg les for lite skjønnlitteratur, det blir mest politisk litteratur og biografier. Nett no er det Stalin-biografi, og etter det blir det Mao.

Høyrrer: Likar best lett musikk. Sidan eg har hatt tysk som fag, er eg og glad i tysk musikk.

Tre ord eg assosierer med kultur: Eg er glad i måleri og målarkunst, teater og konsertverksemd.

- Må sende brev på bokmål

Kva gjer nynorskkommunane når nye dataprogram og brevmalar berre kjem på bokmål? I desse dagar er det SOFIE, eit nytt dataprogram for innkrevjing av skatt, som skapar bry.

INGRID HILLESTAD
ingridhillestad@hotmail.com

- Dette er ikkje uvanleg, påpeikar Gerhard Inge Storebø, rådmann i Sund kommune på Sotra vest for Bergen.

Han tenkjer på dei nye dataprogramma som stadig kjem på bokmål. No er det innføringa av SOFIE som får medarbeidarane i øykommunen til å klø seg litt ekstra i hovudet.

- Det å forhalde seg til eit dataprogram på bokmål er greitt nok for medarbeidarane i kommunen, men det spesielle her er at myndighetene har integrert ei rekke brevmalar i programmet. Desse finst berre på bokmål, utdypar rådmannen.

KRITISK TIL SIGNALEFFEKT

Dermed ser det ut for at skatteoppkrevjaren i Sund framover må sende ut breva sine på bokmål. Dette likar kommunen dårleg.

- Politikarane våre er opptekne av å følge vedtaket om nynorsk som målform i kommunen, held Storebø fram.



Sund kommune har erfart korleis Dataprogram med integrerte brevmalar på bokmål skapar hovudbry for nynorskkommunar

met. Rådmannen legg ikkje skjul på at han er kritisk til signala staten sender ut ved å lage eit slikt program på berre ei målform.

- Såleis viser staten at det berre er eit offisielt språk for dei. Det er tydeleg at dette med språket har låg prioritet hos skatteetaten, seier rådmannen, som også tidlegare har sett seg nøydd til å minne skattemyndighetene på at det brukast meir enn ei målform her i landet.

VURDERER Å OMSETJE SJØLVE

Tilsette i Sund kommune byrja først ganske nyleg å reflektere over språkdilem-

Han ventar seg reaksjonar dersom breva frå det kommunale skattekontoret byrjar å kome på bokmål. Sund og nabokommunane Fjell og Øygarden skal etter planen ta i bruk SOFIE frå slutten av august, så det hastar å finne ei løysing på språkproble-

maet knytt til det nye dataprogrammet, medan dei gjorde seg klare til å ta SOFIE i bruk. Ei løysing blir å førebu politikarar og andre på at breva i ein overgangsperiode vil kome på bokmål. Ei anna løysing blir å gå i gang med det same med å omsetje brevmalane sjølve. Rådmannen har i første omgang bede om eit oversyn over kor mange slike malar det dreier seg om. Så vil han vurdere om kommunen kan ta arbeidet med å lage egne slike standardbrev fram til SOFIE vonleg også dukkar opp i ein nynorsk versjon i nær framtid.

- Men det blir lite rasjonelt dersom kvar kommune skal gjere dette arbeidet på eiga hand, meiner rådmannen, som synst skattedirektoratet burde tenkt på dette mykje tidlegare.

PRIORITERING LIGG BAK

Prosjektleiaren for innføringa av skattedirektoratet sitt nye program i region vest, Norvald Bendiksen, foklarer den manglande nynorskversjonen med at SOFIE ennå ikkje er ferdig utvikla.

- Programmet blir sett i verk i kommunane i løpet av 2007, og me vil halde fram med å skreddarsy det for å få det heilt ferdig, forklarar han.

Bendiksen vedgår vidare at språkspørsmålet har kome bak i prioriteringskøen, til fordel for det rekneskapsmessige og juridiske knytt til dette, som prosjektleiaren meiner det har vore ein

stor jobb å få på plass. Det gamle skatteinnkrevjingssystemet var nemleg frå kring 1960.

HAR ORSAKA SITUASJONEN

- Men det hadde vel ikkje vore nokon stor jobb å sørje for at dei integrerte brevmalane fanst på nynorsk?

- Ikkje når ein ser på dette som ein enkeltkomponent, men her har det vore mange ting som skulle kvalitetssikrast i ein lovmessig samanheng, held prosjektleiaren fram.

Han seier han har orsaka situasjonen til mange nynorskkommunar, men han har ikkje anna råd å kome med enn at dei må vente til ein nynorsk versjon av programmet ligg føre i 2008. På planen til prosjektleiaren står, i tillegg til å oppgradere programmet til nynorsk, også å få det på engelsk og samisk. Bendiksen meiner det vil bli problematisk for nynorskkommunar som er opptekne av å halde på språkprofilen sin, å omsetje brevmalane på eiga hand. Desse går ut frå sentrale register, forklarar han, og dermed er det vanskeleg for nynorskkommunane å påverke sjølve.

Bli med i Fagforbundet!

Fagforbundet er det største forbundet i LO, med rundt 290 000 medlemmer. Arbeidstakarar i kommunale, fylkeskommunale og private verksemder kan bli medlem i Fagforbundet. Di fleire vi er, di større gjennomslag vil vi ha for rettferdig løn og trygg og god behandling på arbeidsplassen.

Fagforbundet bidreg til å skape offentlege tenester og arbeidsplassar med god kvalitet. Det må vere samsvar mellom det menneska har behov for, og det tilbodet dei får. Berre ein velfungerande offentlig sektor kan gi alle innbyggjarane ein trygg kvardag og lik rett til velferdstenestene.



www.fagforbundet.no Servicetorget: 815 00 040
E-post: servicetorget@fagforbundet.no

Visste du at det einaste nynorsk-hotellet i Oslo også er nyrenovert?

Alle tilsette i LNK-kommunar får sjølv sagt LNK-pris. Frå 730,- per natt og Flybussen rett til døra!



Velkommen til kulturhotellet i Oslo sentrum!



Hotell Bondeheimen

Rosenkrantzgate 8, 0159 Oslo
Tlf: 23 21 41 00
booking@bondeheimen.com
www.bondeheimen.com

Landstinget

Målpris til Per Gynt-stemnet



Næringsminister Dag Terje Andersen (Ap) delte ut Pris for offentlig målbruk 2007 til Per Gynt – stemnet og Eli Blakstad under årets Vågåseminar. (Foto: Judith Lillehamar)

Per Gynt – stemnet på Vinstra er tildelt Pris for offentlig målbruk 2007 frå LNK.

Prisen for offentlig målbruk vert delt ut annakvart år, og skal gå til ei offentlig verksemd som har gjort eit godt arbeid for nynorsken, eller til einskildpersonar som har utmerka seg.

I grunngevinga frå LNK går det fram at årets vinnar av nynorskprisen i høgste grad er synleg i det offentlege rommet, trass i at det er noko sesongprega.

Attvald som leiar

Styret til LNK forblir uendra etter at Landstinget vart avhalde i Vågå 27. og 28. august. Styreleiar Jan Magne Dahle har tatt fatt på 2 nye år som styreleiar.

TOYNI TOBEKK
toyni@norsk-plan.no

- For oss er det å satse på språk- og kulturutvikling i barnehagen mellom det viktigaste me vil jobbe med framover, seier Dahle. LNK har inntatt ei aktiv rolle i dette arbeidet gjennom kultura-visa Pirion, men ser og at det kan vere rom for andre arbeidsmåtar. Landstinget gav dessutan uttrykk for at LNK bør arbeide aktivt mot kommunane for å få språkarbeidet inn i rammeplanane for barnehagane.

- Det er gledeleg med det rekordstore medlemstalet LNK no har fått, når



Jan Magne Dable
(Foto: Judith Lillehamar)

113 av dei 115 nynorsk-kommunane er medlem i samanslutninga, sa Jan Magne Dahle.

- Samstundes såg LNK eit vidare medlemspotensiale i fleire fylkeskommunar og ikkje minst i interkommunale selskap.

DET SITJANDE STYRET I LNK ER:

Jan Magne Dahle, styreleiar Ørsta kommune, Astrid Myran Aarvik, nestleiar Lærdal kommune, Kjell G. Helland Bjerkreim kommune, Solfrid Borge Ullensvang herad, Rune Øygård Vågå kommune.



Astrid Myran Aarvik
(Foto: Judith Lillehamar)



Kjell G. Helland Bjerkreim
(Foto: Judith Lillehamar)



Solfrid Borge
(Foto: Judith Lillehamar)



Rune Øygård
(Foto: Judith Lillehamar)

Landsdekkjande festspel

Aldri har Dei Nynorske Festspela vore meir landsdekkjande enn i år.

- Vi hadde utøvarar frå minst ti fylke, seier Aasentunet direktør Ottar Grepstad. Talet på tilreisande gjester aukar frå år til år og han understrekar at arrangementet blir jamt viktigare i mange miljø og han dreg fram den sterke Rogalandsprofilen i år.

SPRÅKLEG SJØLVTILLIT

Grepstad understrekar at dei Nynorske Festspela 2007 har vore ei fem dagar lang påminning om kva språkleg sjølvtilitt har å seia. I tillegg har festivalen prøvt å vise kor viktig barnebøkene er i norsk litteratur.

BARNEVENNLEG

I følgje programansvarleg Åshild Widerøe handla ein tredel av arrangementa om barne- og ungdomslitteratur, og var knytta til festspeldiktaren Erna Osland på ulike måtar.

- Mange unge har skrive eigne tekstar, og publikum i alle aldrar har fått møte litteratur på vande og uvande stader.

Dei norske festspela hadde i år som dei fire siste åra rundt 6000 gjestande på festivalen.

(Foto: Einar Schibeavaag)



Astrid Kloster Særvoll hadde konsert med musikk av Kenneth Sivertsen.



Guri Vesaas fekk tildelt prisen årets nynorskbrukar 2007.



Kulturskuleelevar frå Suldal synte «Kor vart det av jula» av Rune Belsvik.

Notiser

Bokstavkjeks på begge målformer

(NPK): Sætre kjeks sine bokstavkjeks blir nylansert med ei humoristisk vinkling på målstriden. I Aftenposten sitt A-magasin står teksten: «Vi er glade for å informera deg om at Bokstavkjeks ikkje forskjellsbehandlar nynorsk og bokmål. Vi synest at begge målformene er like gode.»

Og med mottoet «Kan det etast, kan det skrivast» ser leiaren i Noregs Mållag Berit Rekve nye vegar for reklamespråket.

- Kanskje dette kan inspirere til auka bruk av nynorsk i marknadsføringa, seier ho på mållaget sine heimesider. (©NPK)

Først med nynorsk i KK

(NPK): Journalist Ingvild Kjøde frå Ørsta på Sunnmøre vert den første som får trykt ei sak på nynorsk i vekebladet KK. Intervjuobjektet hennar seier vanlegvis nei til å late seg portrettintervjue, men då Kjøde tilbød eit intervju på nynorsk, sa mannen ja. Intervjuobjektet er ingen ringare enn Jon Fosse, fortel avisa Møre-Nytt.

Vekebladet KK er 130 år og har ikkje hatt redaksjonelle saker på nynorsk tidlegare. (©NPK)

Vil fjerne nynorsk

Lokalpolitikar i Horten, Nils Petter Bryde (FrP) vil fjerne all nynorskundervisning i Horten.

- Dette meiner me er rett fordi nynorsk har ein låg status på austlandet, og me vil derfor effektivisere timetalet, seier Bryde til Gjengangeren.

Han meiner overgangen frå ungdomsskule til vidaregåande skule vert for hard, og vil heller ruste elevane betre i andre fag.

Meir enn ryper?

Dei er vitale og sentrale, utfordrar framtida, har bynært bygdeliv, er eit samfunn for alle, ligg midt i leio – og dei har meir enn ryper. Vi snakkar sjølvstøtt om norske kommunar med sans for merkevarebygging.

TOYNI TOBEKK
toyni@norsk-plan.no

Merkevarebygging har blitt ein slags folkesport på kommunalt nivå. Alle kommunar med respekt for seg sjølve har slagord, visjonar, grafisk profil og kanskje til og med ein eigen kommundefarge. Og det kan vere bra, det, men ein må vite kva ein gjer, seier Morten Abrahamsen, lærar i marknadsføring og forskar ved BI i Stavanger.

KVA KAN EG FÅ

Ein kjapp gjennomgang av LNK-kommunane sine slagord imponerer ikkje spesielt.

- Dette er veldig generelt, dessverre. Slagord med fjord, fjell, trivsel og tryggleik seier lite om kva nett den kommunen er god på, kva som gjer han unik.

Fjord og fjell – det har jo alle. Spørsmålet kommunane må stille seg, meiner Abrahamsen, er det spørsmålet ein turist, innbyggjar eller potensiell innbyggjar stiller seg: What's in it for me? Korfor skal vi kome nett til deg, kva er det du har som ingen andre har.

- Ulvik sitt slagord er vel kanskje det som er mest inne på noko. Perla i Hardanger, det blir litt sånn "det beste av det beste".

MÅ HØYRE HEIME

Før ein tar til med slagord, visjonar og brosjyrar på glansa papir, må ein dessutan vite kven merkevara er til for. Snakkar ein til turistane, innbyggjarane eller dei ein ønskjer skal kome og bu i kommunen? Vidare må ein finne ut kva desse ein snakkar til er opptekne av. Ein



For mange kommunar er vinteraktivitetar eit naturleg val som utgangspunkt for merkevarebygging. (Foto: Jan Nordtveit)

visjon som ikkje er forankra i folket og lokalsamfunnet er lite verd.

Det blir ein balansegang, meiner Abrahamsen. – Det er ikkje nødvendigvis samsvar mellom det kommunen er unik

på og det som betyr noko for folk. Men ein må ha kunnskap om både deler.

Ved sida av kunnskap er tid ein sær viktig faktor. Å leggje fram eit slagord

og ei flott brosjyre er berre ei byrjing. Merkevarebygging skal føregå over lang tid, skal det verke.

FYLL, FEST OG PÅMMFRI

Ein ting er den merkevarebygginga som kommunen styrer sjølv. Somme gonger skjer det utanfor kommunal kontroll, med meir eller mindre ønska resultat. Arendal, til dømes, er enno byen med rutebilstasjonen og riffa påmmfri, takka vere LilleLørdag som gjekk på TV på nittitalet. Voss heldt på å forsvinne frå kartet då dei ikkje lenger var nummer ein på vintersportspallen, men har fått tilbake noko av statusen sin mellom anna ved hjelp av Ekstremsportveko. Stakkars Hemsedal har derimot fått eit ufrivillig rykte som fyllefest-vintersportsstad.

NY RETNING

Kommunane har val, likevel. Anten kan ein spele på lag med ryktet kommunen har fått, eller så kan ein gå aktivt inn for å endre omdømmet sitt. – Stavanger driv no og re-orienterar seg frå oljehovudstad til kulturhovudstad gjennom mellom anna Europeisk kulturhovudstad 2008. Oljeinvesteringane er i ferd med å avta, og då må kommunen prøve å tenkje nytt.

Abrahamsen er spent på om byen greier å fylle rolla som kulturhovudstad med noko varig.

- Merkevarebygginga må vere forankra i noko som er her, så spørst det kor mykje av kulturen som er det.

REDUSERT RISIKO

At kommunane må byggje seg opp som merkevare, er han ikkje i tvil om, latterleggjering eller ikkje. Det handlar om å redusere risikoen for å bli valt vekk.

- I valet mellom den eg har høyrd om og den eg ikkje har høyrd om, er det sannsynleg at den med den sterkaste merkevara blir vald. Og når kommunen først har festa seg hos meg, så slepp eg å ta eit nytt val neste gong.

LNK - kommunane sine slagord og visjonar

Telemark:

Vinje
– Utfordrar framtida.

Agderfylkene:

Valle – Hjarta i Setesdal
Bykle – Opp og fram
Sirdal – meir enn ryper

Rogaland:

Bjerkreim - Naturkommunen der trivsel, tryggleik og utvikling rår
Hjelmeland – I hjarta av Ryfylke
Suldal - Skattkammeret Suldal / Trygg, aktiv og

eksotisk

Vindafjord – Vital og sentral

Hordaland:

Austrheim - Bustadkommunen Austrheim
Bømlo - I teten
Eidfjord – Unik frå fjell til fjord
Jondal – kommunen mellom fjord og fonn
Kvam – trivselskommunen midt i Hordaland
Etne - Me gjere det i Etne
Meland - Eit samfunn for alle
Odda – kommunen som bryr seg
Stord – Eit Norge i miniatyr / Aktive Stord

Sveio – midt i leio

Ulvik – Perla i Hardanger
Vaksdal – Bynært bygdeliv

Møre og Romsdal:

Herøy – ei båtlengd føre
Norddal – Ein god plass å bu og besøkje
Sande – Utanfor allfarveg – heldigvis!
Vanylven – Saman for framtida
Ørskog – Ei Sunnmørsperle ved Storfjorden

HEMSEDAL™

Stabil i 40 år

- Me ynskjer å ta styring på kva rykte kommunen vår har utad, seier turistsjef i Hemsedal, Gunn Eidhamar.

ASTRID EIDHAMMER HJELMELAND
astrid@norsk-plan.no

Sidan den fyrste heisen opna i Hemsedal for 40 år sidan har staden vore ein ynda feriestad for skituristar.

- Eit merkevarer som Hemsedal kan ikkje bli øydelagt av einskildeepisodar som blir slått stort opp i media, held Eidhamar fram og viser til festoppslaga etter julehelga i 2005.

- Grunna vår posisjon som trendsetter og at me er kjente for vårt gode uteliv, er me eit ynda tema for media, seier Eidhamar. Og ho understrekar at dei ikkje styra media, som i følgje henne skriv det dei vil anten det er rett eller gale.

- Det som har blitt skriving blir ikkje demantert trass i at det ikkje stemmer med røynda.

NY LOGO

- Det er viktig å fylla eit merkevarer med innhald og det må ha ei målgruppe, understrekar Eidhamar. - Innhaldet kan ikkje vera "alt for alle".

I tillegg er det viktig å la eit merkevarer få byggja seg opp over tid. - Ingen

kommunar i Noreg har råd til å fornya slagord og merkevarer i tid og utid, held ho fram.

I tjuve år hadde logoen "Ski Hemsedal" eksistert før han i fjor vart skifta ut til berre "Hemsedal" etter grundige marknadsundersøkingar i inn- og utland. Det var fleirtal blant brukarar både i Sverige, Danmark og i Noreg for å endra logoen trass i at det i Noreg er sterke kjensler knytta til den gamle logoen.

- Framleis har folk Ski Hemsedal logoen på bilen sin og flyttar han over dersom dei kjøper seg ein ny, fortel Eidhamar.

HEILÅRSDESTINASJON

Bakgrunnen for endringa av logoen er ynskje om å fronta Hemsedal som heilårsdestinasjon. Vinterstid er Hemsedal er ein ynda plass for skientusiastar både i alpin og i langrenn, og er kjent for sine skisenter i inn- og utland. Men på sommarstid har Hemsedal mykje å by på for dei som til dømes likar å gå i fjellet eller klatra og elles vera nær naturen.

- Spør du ein Nederlander om reisemål i Noreg om sumaren, er det Hemsedal som er svaret, seier Gunn Eidhamar. Ho har sjølv delteke fleire år på messer i Utrecht i Nederland og ser ei aukande interesse for destinasjonen som ho presenterer.

Notis

Færre svartelista kommunar

Stadig fleire kommunar finn vegen ut av den økonomiske svartelista. Per 16. august i år ligg berre 41 kommunar inne på lista til Register om betinget godkjenning og kontroll (ROBEK). Då ROBEK-registeret vart oppretta i 2001 var heile 118 kommunar underlagt statleg styring.

Kommunal- og regionalminister Åslaug Haga meiner at regjeringas styrking av kommuneøkonomien må ta mykje av æra for denne nedgangen.

- Samstundes viser dette at folk lokalt har tatt ansvar for å rette opp økonomien, seier Haga ifølgje ANB/Rana Blad

Augustlista syner at 20 kommunar frå LNK-fylka er i ROBEK-registeret.

Nynorsk



mediesenter

Nynorsk mediesenter er eit kurs- og opplæringscenter for nynorsk i radio, fjernsyn og på Internett. NRK driv senteret i Førde. Føremålet med kursverksemda er å gje deltakarane kunnskap om og trening i media og nynorsk.

Kunsten å skrive for Internett

Er du usikker på korleis du skal formulere deg når du skal legge ein tekst ut på Internett? Eller kanskje det er vanskeleg å vite kva som fungerer eller ikkje? Prøv kurset "Kva kan vi lære av tabloidane?" Her får du innføring i dei viktigaste prinsippa for skriving på nett, samt personleg oppfølging og trening. Ta kontakt med oss, og vi skreddarsyr eit opplegg.

www.nynorskmediesenter.no. Wenche Eikum, tef. 57 72 42 42 .

DEI SISTE TI ÅRA HAR VI HAUSTA MEST OG ETE MINST!

Dei fleste av kundane våre lever nøkternt i kvardagen. Derfor er det viktig at pensjonsleverandøren et minst mogleg av pengane som skal sparast til framtidige pensjonar. KLP kan dei siste ti åra vise til:

- dei lågaste administrasjonskostnadene i bransjen
- ingen utgifter for kundane til leige av eigenkapital
- høgast verdjustert avkastning

Fleire kommunar har derfor tapt millionar på ikkje å ha pensjonsordninga si i KLP. Er du oppteken av økonomi, vel du den leverandøren som gir deg god avkastning, og som et minst av pengane dine.

www.klp.no


 **KLP**
FORSIKRING
For dagane som kjem



Set fokus på samferd


Fleirtal av menn

71,6 prosent av ordførarane i kartlegginga er menn. Berre 19 av 48 ordførarar er kvinner.




Vil ha likestilling

Heile 86,2 prosent av ordførarane meinte det er feil dersom større kommunar skal få meir å seie i Kommunesektorens interesse - og arbeidsgiverorganisasjon (KS) sitt styringsverk enn dei mindre kommunane.



Kommunen skal utvikle distrikta

38,6 prosent av kommunane meiner kommunen bør ha størst råderett over distriktutviklingsmidlane frå staten. Berre 10,5 prosent av ordførarane meinte Innovasjon Norge burde få hand om midlane.



37 prosent av ordførarane i LNK-kommunane meiner samferdslepolitikken er den viktigaste oppgåva for distriktkommunane. Berre 3,7 prosent meinte det same om kulturpolitikken.

JUDITH SØRHHUS LITTLEHAMAR
judith@norsk-plan.no

Dette kom fram av ei kartlegging utført av Norsk Plan as. I tillegg til samferdslepolitikk tronar også næringslivspolitikkk høgt oppe, med omlag 22 prosent. Avstanden ned til kulturpolitikken som ligg på siste plass med 3,7 prosent støtte er derimot stor.

STORE UTFORDRINGAR

Ordførar i Odda kommune, Toralv Mikkelsen (Ap), meiner det er naturleg at samferdslepolitikken får størst fokus i kommunenorge.

- Min region, Hardanger, har store utfordringar som skrik etter større løyvingar frå sentrale styresmakter. Me har framleis nokre av dei dårlegaste riksvegane og stamvegane, meiner han.

Han trekkjer fram satsingsområde som rassikring, fleire grøne tunnelar langs E134 og ei mogleg realisering av snøggotog fram til Oslo. Trass i det Mikkelsen kallar stor kommunal vilje til å bidra økonomisk innan samferdsle, etterlyser han ytterlegare statlege midlar for å sikre eit godt kommunikasjonsstilbod - også i distriktsnorge.

SÅKORN I LOKALMILJØET

- Eg er ein av dei som ikkje har forståing for ein del reknestykke der diverse samfunnsøkonomar spår inflasjon dersom ein får meir midlar til samferdsle i dette rike landet, seier Mikkelsen og viser til at ein no ser fram til at Hardangerbrua skal bli ein realitet. Går alt etter planen skal brua vere ferdig i 2011.

Om Mikkelsen kan forstå det store kommunale fokuset på samferdsle, er han desto meir kritisk til at kulturpolitikken får så lite merksemd som 3,7 prosent støtte i kartlegginga.



Ordførar i Odda kommune, Toralv Mikkelsen (Ap) er samd i at samferdsle er eit viktig kommunalt satsingsfelt. (Arkivfoto: Norsk Plan as)

- Eg meiner ein skal leggje så mykje vekt på kultur som ein kan. Kultur er såkorn i lokalmiljøet og eit aktivt kulturliv er vitaminer i kvardagen, meiner han og viser til at kulturen er viktig for å skape trivsel i lokalsamfunnet.

SAMFERDSLE EIN MANNSARENA

Med seg i støttetalen til kulturpolitikken får Mikkelsen også med seg ordførar i Hareid kommune, Gunn Berit Gjerde (V).

- Det er synd at kulturpolitikken vert undervurdert. Det har med trivsel,

opplæring og omdømebygging å gjere, og er viktig for å få folk heim slik at ein kan auke folketalet, meiner ho og legg til at det truleg er mange årsaker til at kulturpolitikken kjem så dårleg ut.

- Samferdslepolitikken er ein manskarena. Sidan det er flest menn som er ordførarar er det ikkje overraskande at den kjem så høgt. Kulturpolitikken derimot er ei mjuk sak, meiner ho.

Kartlegginga til Norsk Plan as viser også at 71 prosent av ordførarane som har svart på undersøkinga er menn.

Men også venstreordføraren frå Hareid ser kor viktig samferdsle er for

Kommunepolitikk

Kva er den viktigaste oppgåva for kommunenorge i dag?


Samferdslepolitikk	37 prosent	Skulepolitikk	7,4 prosent
Næringspolitikk	22,2 prosent	Arealpolitikk	7,4 prosent
Eldrepolitikk	14,8 prosent	Kulturpolitikk	3,7 prosent
Barne- og ungdomspolitikkk	7,4 prosent		

Kjelde: Norsk Plan as

slepolitikk


Vil ha regionar

57,7 prosent av dei spurte er tilhengjarar av å etablere større regionar i staden for dagens fylkeskommune.



Ikkje overkøyrd

Heile 72,6 prosent av ordførarane meiner dei ikkje vert overkøyrd av administrasjonen i kommunen. 27,5 prosent svara at dei sjeldan vart overkøyrde, medan ingen av ordførarane meinte det skjedde ofte.



lokalmiljøet. Ikkje minst legg ho vekt på at næringslivet i kommunen gir klare signal om at det er avgjerande med gode kommunikasjonar.

VIL SKAPE IDENTITET

Gjerde er oppteken av at alt dette heng saman, at ein ikkje kan oppnå vekst på eit felt utan at resten av samfunnet også fungerer.


- Har me ikkje kommunikasjon til å få folk til kulturaktivitetane, vert det ikkje vekst, og har me berre kommunikasjon og ikkje kultur, får me ikkje møteplassar, seier ho og viser til at ein ser ein liknande samanheng i næringslivet.

- Har me ikkje folk som er stolte over kommunen sin, og viser den fram, vert det ikkje entusiasme i næringslivet.

Gunn Berit Gjerde omtalar Hareid som ein kulturkommune og meiner dei viktigaste kommunale utfordringane framover vil vere å skape identitet og stoltheit hjå innbyggjarane i kommunen, samt at folk vert bevisste på kva perler av kultur og natur som gøymer seg i kystkommunen. I tillegg trekkjer ho fram rus- og psykiatri som viktige arbeidsområde.

Publikum tek kontakt

52,9 prosent av ordførarane opplever at innbyggjarane i kommunen tek kontakt med dei privat for å diskutere konkrete politiske saker. Berre to prosent meiner det skjer sjeldan.



Rådmannsveldet ei myte

Heile 72,6 prosent av ordførarane i kartlegginga meinte dei ikkje vert overkøyrde av administrasjonen i kommunen. Verken professoren eller ordføraren er overraska over det resultatet.

JUDITH SØRHHUS LITTLEHAMAR
judith@norsk-plan.no

- Eg tippar at ordførar og rådmann samarbeider så godt at dei er samde om det meste. Og rådmannen legg som oftast ikkje fram noko som han veit ikkje får gjennomslag i kommunestyret, seier professor ved Institutt for administrasjon og organisasjonsvitenskap ved Universitetet i Bergen, Audun Offerdal.

BAKGRUNN I BUDSJETTET

- Rådmann og ordførar sit på same huset og snakkar sjølvsagt med kvarandre, slår han fast.

Offerdal er ikkje overraska over resultatet, og meiner rådmannsveldet som har levd på folkemunne i alle tider ikkje er stort meir enn ei myte. Bakgrunnen for myta trur han er økonomiske spørsmål.

- Det rådmannsveldet ein har høyrd om i alle år kan ha noko med

at det alltid før var rådmannen som la fram kommunen sitt budsjett, i mange kommunar er det framleis administrasjonen si oppgåve, medan ein no i andre kommunar let formannskapet legge fram budsjettet.

IKKJE OVERRASKA

Professoren trur derimot situasjonen i dag er heilt annleis.

- Å seie at makta ligg hjå rådmannen trur eg er vanskeleg. Men rådmannen sine synspunkt er sjølvsagt med i ein politisk prosess, han vil naturlegvis argumentere for sitt syn, og det skal han jo, meiner Audun Offerdal.

Ordførar i Sirdal kommune, Thor Jørgen Tjørhom (Sp), er heller ikkje overraska over at politikarane ikkje meiner dei vert overkøyrde av den kommunale administrasjonen.

- Det var ikkje eit overraskande resultat, meiner han og viser til at det også speglar hans forhold til administrasjonen. Likevel legg han vekt på at kommunepolitikarane kan ha eit anna forhold til dette enn ordføraren, som får innsyn i andre og fleire politiske prosessar utanom møta i kommunestyret.

Vil ha kommunal råderett

Kartlegginga viser at 38,6 prosent av kommunane meiner kommunen bør ha størst råderett over distriktsutviklingsmidlane frå staten. Berre 10,5 prosent meiner Innovasjon Norge burde få hand om dei.

JUDITH SØRHHUS LITTLEHAMAR
judith@norsk-plan.no

Dagleg leiar i Setesdal regionråd, Signe Sollien Haugå, meiner det må kunne gå ann å stimulere til begge deler.

- Dette resultatet viser nok at kommunen ser eit lokalforankra tiltaksapparat, seier ho og viser til at lokaliseringa av Innovasjon Norge er noko meir distansert.

- Vårt ansvar vert også å få dei prosjekta me samarbeider med Innovasjon Norge om betre fram, meiner Haugå og legg vekt på at

det i mange saker er viktig med eit eksternt blick.

I følgje Haugå har Innovasjon Norge spisskompetanse på fleire felt, som til dømes bioenergi og reiseliv. Ein kompetanse ho meiner kan vere vanskeleg å bygge opp i den enkelte kommune og region.

- Det er viktig med tiltaksmidlar, og at det er ressursar til å stimulere både lokalt og regionalt. Det viktigaste er kva ein klarer å få til i utviklingsarbeidet, og at ein når målgruppa slik at dei lykkast, seier Signe Sollien Haugå.

Fylkesordførar i Rogaland, Roald Bergsaker (H), er av ei litt anna oppfatning og meiner kartlegginga viser at Innovasjon Norge bør konsentrere seg om dei eksportretta næringane og overlate det næringspolitiske arbeidet i Norge til lokalt og regionalt nivå.

- Innovasjon Norge har lite kontakt med kommunane og manglar innsyn og kontroll med utviklingsarbeidet slik eit lokalt folkevald nivå har, seier Bergsaker.

FEDJE



Ein landsby i havet

Etter ei lang tid med negative utfordringar vil kystkommunen arbeida med å auka folketalet.

EINAR SCHIBEVAAG
einar@norsk-plan.no

I eit lite og svært nøkternt rådhus har viktige saker blir løyste. Der har Erling Walderhaug hatt sitt arbeid som folkevald i 18 år, fleire periodar som ordførar. Men denne hausten er det slutt.

Walderhaug har plassert kommunen på kartet ved hjelp av to store hendingar den siste perioden. Eit ubåtvrak og 400 tonn olje i strandsteinane ein vinterdag, gjer sitt til at ein kjem i TV- ruta og i avisa.

- Det var eit mediatrøkk her ute desse januar dagane i år som vil vera vanskeleg for mange å forstå viss du ikkje har vore midt oppi det, seier Walderhaug. Det gjekk i eitt frå alle tenkjelege og utenkjelege media.

SÅRBAR KYSTLINE

Ulykka har vore samlande for folket og me er ufatteleg glade for å sjå kor mange som har kome til oss for å vera med å rydda opp i det sølet lokalsamfunnet blei råka av. Fedje har ei sårbar kystline med stor trafikk til og frå mellom anna Mongstad.

OPNA AUGO

Denne episoden har fått augo opp på fleire styrande folkevalde etter at styresmaktene la ned Oljeverndepoet på Fedje. No har regjeringa løyvd pengar til å oppretta det att. - Det kan me takka eit breitt politisk engasjement frå kommunen inn mot stortinget for, seier Walderhaug.



Fedje var den største fiskerikommunen i Hordaland på femtitalet. I dag er det ein sjøgående båt att som driv mellom anna kvalfangst. På ferjebamna finn du det einaste kvalkjøtutsalet i Noreg. (Foto: Einar Schibevaag)

Det same gjeld arbeidet med å få omgjort vedtaket om å mudre ubåten ned i staden for å få den heva.

- Når dei først skulle ha ei grunnstøytning i fjæra var dette godt for vår von om å få heva vraket.

SAMARBEID

Desse sakene viser kor viktig det er å representera eit parti når ein skal møte partikolleger på stortinget og stille dei til ansvar for å få gjort ein innsats som denne. Alle partia frå Fedje har vore aktive og innsatsen har vore svært viktig for at saka står der den gjer.

- Samspelet mellom dei folkevalde har vore god, og det er betre enn at ein ordførar skal sitja med alle hendene på rattet åleine, seier ordføraren som me-

ner at kommunen skal vera stor for å ha ein skal ordførar på heiltid.

Det undrar han. Han ler litt og fortel om sine inntrykk.

- Folkevalde blir jo titt og ofte skjelt ut. Likevel forventar dei same at me skal rydda opp i dei utfordringane som står føre.

UFORDRINGAR

Utfallet av ubåtsaka og å skapa trygge innseglingar til kysten er viktige for lokalsamfunnet si framtid og dei folkevalde som no skal ta over.

STATLEGE ARBEIDSPASSAR

Fedje har fått eit førtital statlege arbeidsplassar. Etter kvart som fleire vel utdanning som høver til arbeid på Losstasjo-

nen og Kystverket sin trafikksentral, vonar ordføraren at fleire vel å slå seg ned og arbeida i kommunen.

- Me kan ikkje tvinga nokon hit, men me ser at det er stadig fleire som søker heim, startar som pendlar eller lagar sin eigen arbeidsplass.

LANDSBYEN

Me ynskjer å halda fram som eigen kommune og byggjer ut eit godt tenestetilbod, slik at fleire vel denne naturrike vestlandskommunen med eit skikkeleg landsbypreg som heimstad.

Snart opnar kommunen sin nye fleirbrukshall med scene, bowling, idretts-hall osv, noko me trur vil gleda folket, meiner ordføraren som no kastar inn handkleet.

Vindkraft

Tre vindmøller på 118 meter kan kome til Fedje. BKK har planar om å reise desse og så langt har det vore liten motstand mot prosjektet. Blir det realisert må store deler av vegnettet utbetrast på Fedje for å frakte mastene fram til den delen av øya der det bur lite folk.

Det vil gje kommune eigedomsskatt og Fedje blir ein meir sjølvforsynt lokal produsent av energi.

Fakta



Fedje kommune har ca. 700 innbyggjarar og ligg på ei øy heilt nord i Hordaland. Kommunen er den vestlegaste av alle kommunane i Norge.

Her bur fedjingen, og trivst med det. Det blæs frå nord, og det blæs frå sør, - og iblant er det vindstille. Ofte er det oppløst, for skyene dei fer innover til fjordar og fjell.

Dersom ein går opp til utkiksposten ved Fedje Trafikksentral, ser ein at alt det vesentlege av busetnaden ligg på nordsida av øya, med utgangspunkt kring den naturlege, laguneliknande hamna Kyrkjevågen. Folk bur eigentleg i gangavstand frå kvarandre, for hovudøya er berre på 7,4 km², og med dei 125 småøyane, holmane og skjera utgjer det heile 9,4 km².

Å vandra til fots i kystlandskapet er ei oppleving, så langt ut mot havet at du kjenner den salte brisen

og skumdrevet mot panna. Nordsjøløypa er ein del av eit større løypesystem langs med kysten i Hordaland. For menneske som er mindre vant med havet enn fedjingane, er nok synet av havet det som er mest fengslende. Her kan du sjå storhavet rett i kvitauget, som han sa, Olav Duun.

Fordeling av 17 representantar i kommunestyret

AP.....	4
Demokratane.....	2
Frp.....	3
H.....	4
KrF.....	4

Ordførar:	Erling Walderhaug (H)
Varaordførar:	Ottar Tangen (Frp)
Rådmann:	Vidar Bråthen

FEDJE



Fedje er fri oljesølet

Det tok om lag 13.000 dagsverk å rydde opp etter at lasteskipet "Server" grunnstøtte utanfor Fedje, og 400 kubikk bunkersolje rann ut i sjøen. No ser det meste lysare ut.

JUDITH SØRHHUS LITLEHAMAR
judith@norsk-plan.no

Det Kypros-registrerte lasteskipet M/S "Server" grunnstøtte ved Hellesøy fyr utanfor Fedje 12. januar i år. "Server" hadde eit mannskap på 25 som vart evakuert kort tid etter ulykka, som elles resulterte i at skipet brakk i to og at ein fekk eit oljeutslepp på 400 kubikk. Seks månadar seinare er det meste av opprydningsarbeidet unnagjort, både ved hjelp av private arbeidstimar og offentlege aksjonar. På grunn av faren for etterverknadar av oljesølet vert likevel området framleis overvaka av Kystverket.

SER BRA UT

- Den statlege aksjonen var ferdig 20. juni. Men det er alltid slik at me etter at arbeidet er ferdig lar området ligge i om lag tre månadar før me går attende for å sjå korleis utviklinga er, seier rådgjevar i Kystverket, Tom Hansen.

Kystverket, saman med kommunen og det interkommunale utvalet mot akutt forureining har allereie vore på den første synfaringa i området. Så langt ser det bra ut.

- Det såg veldig bra ut ja, me er godt nøgde med framdrifta, og dei naturlege prosessane fungerte godt, seier Hansen.

I slutten av den tre månadar lange ventetida vil Kystverket, kommunen og det interkommunale utvalet føreta ei ny og endeleg synfaring for å vurdere kva ein skal gjere vidare. Dersom det er naudsynt vil Kystverket trø til med det Hansen kallar "finpusning" av området, som opprydding av mindre oljesøl som etterkvart viser seg, eller sjå over område som rett og slett viser seg og å vere gløymt i den opphavlege aksjonen.

NYTT OLJEDEPOT

I følgje Hansen har det dei siste 30 åra vore 15 større ulykker her i landet med så sterk oljeforureining at Kystverket har grepe inn under oppryddinga.

- Det er ulykker som er på storleik med til dømes "Server". Som oftast går det jo mykje betre, seier Hansen og viser til at ulykkesstøtet stort sett har vore stabilt. I etterkant av Serverforliset har også diskusjonen om ein treng fleire nødhamner vakna til livet att.

- Sist gong me hadde debatten om nødhamner var på byrjinga av 90- talet. Båtane no er blitt større og går raskare, nødhamner som var eigna på den tida er ikkje nødvendigvis eigna i dag, meiner



Seks månadar etter "Server" – forliset utanfor Fedje ser området rundt Helligsøy fyr no ut til å vere oljefritt. (Foto: Einar Schibevaag) Biletet under er frå oppryddinga. (Foto: Kystverket)

Hansen. Ein annan disusjon som er blitt aktuell er spørsmålet om me har tilstrekkeleg med oljeverndepot langs kysten.

- Me har i dag 15 utstøvsdepot, 14 av desse er langs kysten medan eit er på Svalbard. Stortinget og regjeringa har no bevilga pengar til eit nytt depot, fortel Hansen. Han meiner det klart er teneleg med kortare responstid, men er usikker på kor tett slike depot kan ligge og kva ein har bruk for, sett i forhold til talet på ulykker.

Regjeringa gjekk tidlegare i år inn for å løyve 29 millionar kroner til reetablering av hovuddepotet for oljevern på Fedje. Depotet på Fedje skal vere på plass i løpet av 2007.



ABC
Startsida

Vel www.startsida.no som
di nye startside. Meir info her:
www.startsida.no/egen

FEDJE



Ei tikkande bombe

- Det råkar ikkje berre Fedje, men heile Nordsjøbassenget dersom kvikksølvet lek ut av ubåtvraket, seier Erling Walderhaug, ordførar i Noregs vestlegaste kommune.

EINAR SCHIBEVAAG
einar@norsk-plan.no

Jobb nummer ein for Fedjesamfunnet no er å få denne trusselen bort.

- Då bør det ikkje stå på kroner. Til det er konsekvensane på sikt for store, seier Walderhaug.

KAN BLI GIFTIG

I utgangspunktet er ikkje stoffet giftig, fortel Walderhaug. Men når det blir sett i gong ulike kjemiske og biologiske prosessar i miljøet blir stoffet ekstremt giftig.

- Stoffet som ligg fem kilometer utanfor Fedjekysten representerer 70 gonger det totale årlege utsleppet av kvikksølv i landet vårt.

- Kva ville skje dersom dette stoffet kjem på avveggar for til dømes laksenæringa i Noreg, spør han?

Det er gitt, og då vil det ikkje stå på pengar for å rydde opp. Derfor bør det vera lett å rydda opp no, seier ein engasjert ordførar.

PARADOKS

Samanlikna med andre naturengasjement har denne saka undra Walderhaug mange gonger. Det blir fort eit paradoks når me ser engasjementet for å stoppa t.d. Sellafieldanlegget.

- Kanskje det kunne vore greitt at det norske samfunnet feia for eigne dører for dei tok i ferde med andre sine?

Walderhaug er viss på at hadde dette skroget lege utanfor spanskekysten, eller i Oslofjorden for den del, ville det vore fjerna for lenge sidan. Men sidan han er talsmann for 700 sjeler er det ikkje lett



Fedje trafikksentral vaktar innløpet til fleire store hamner langs vestlandskysten. (Foto: Einar Schibevaag)

å bli høyrtd. Då dei på ny fekk eit oljeskip opp i strendene blei det for alvor sett lys på saka att.

No vonar han på at stadig fleire ser kor viktig det er å få fjerna dette vraket. Og når det er selskap som vil ta på seg arbeidet er det ordføraren sin draum å få svineriet bort frå Norskekysten.

- Kystverket sine nye reviderte planar om vraket skal hevast kjem til våren. Same kva dei kjem til skal me syte for at det blir ja, for vekk skal det.

Ubåten i Fedje

I 1945 stranda den tyske ubåten UB 45 på 150 meters djupne, fem kilometer utanfor kysten av Fedje. Båten inneheld mellom anna 65 tonn kvikksølv. Det var først tidleg på 2000-talet det blei avklart kva som var om bord. Ein tysk forskar fann lastepapira til båten som viser at lasta var på veg til Japan.


Men sidan den norske staten hadde gjort krav på vraket etter krigen, er også havaristen i dag norsk eigedom. Utan ville tyske styresmakter fjerna havaristen for lengst.

Kystverket tilrådde tildekking av vraket på sjøbotnen, mens Det Norske Veritas rådde til heving som den beste løysinga for miljøet.

Sidan presset for å få ubåten heva har vore så sterkt som det har, har Kystverket no fått i oppdrag å greia ut ulike hevingsalternativ, og vil på vårparten 2008 gi ny tilråding til departementet.



Tradisjon – og fornying



HOTELL
HORDAHEIMEN



Hotell Hordaheimen gir alle medlemmer av LNK og deira tilsette eit hotellopphald i Bergen til ein pris som tåler samanlikning.

Sei du representerer ein LNK-kommune når du bestiller. Prisen (enkeltrom) er kr 650 på vekedagar og kr 540 i helga.

C. Sundtsgt. 18
5004 Bergen
Tlf.: 55 33 50 00
Faks: 55 23 49 50

E-post: info@hordaheimen.hl.no

www.hordaheimen.hl.no



KULTUR TRENG HUS

Vi finansierer Kommune-Norge

KOMMUNEKREDITT

Kommunekreditt er kommunane sitt eige kompetansesenter.

Me hjelper deg med:

låneoptak • finansstrategiar
samansetning og styring av låneportefølje
bankavtalar • formueforvaltning • selskapsorganisering
bompengefinansiering

Beddingen 8, 7410 Trondheim
(Avdelingskontor Oslo: Dronnings Maudsgt. 15, 0250 Oslo)
Telefon: 73 80 95 80, Faks: 73 80 95 81
e-post: post@kommunekreditt.no
www.kommunekreditt.no

Nynorsk litteratur i medvind

Bøker på nynorsk tronar bokhandlarane sine bestseljarlister. Ingen tvil om at sidemålet står sterkt i kulturen for tida.


INGRID HILLESTAD
ingridhillestad@hotmail.com

Romanen "Saman er ein mindre åleine" av den franske forfatteren Anna Gavalda har lege på bokhandlarane sine lister over bestseljande pocketbøker i heile vår og sommar. Omsetjinga til nynorsk ved Tove Bakke har fått rosande omtale.

- Pocketbestseljaren er døme på at nynorsk språk iallfall ikkje får auka motstand, framhevar Nina Refseth, forlagsdirektør i Det Norske Samlaget.

BRYT SPRÅKSPERRA

Direktøren meiner at det hos mange eksisterer ei sperre mot nynorsk språk.



Pocketbestseljaren "Saman er ein mindre åleine" av Anna Gavalda, er eit døme på at nynorsk språk ikkje får auka motstand ifølgje forlagsdirektøren i Samlaget, Nina Refseth. (Bokomslag: Samlaget)

Men når ei nynorsk bok sel så godt som i dømet over, trur Refseth at denne sperra forsvinn.

- Ho er nok meir innbilt enn reell, trur ho.

At det er nettopp Samlaget som har fått tak på den internasjonale franske bestseljaren Gavalda, har først og fremst samanheng med at konkurransen er mindre utanfor engelsk språkområde.

- Samlaget har generelt ikkje mange omsette bøker, held Refseth fram.

MEDIA FØLGJER ETTER

Forlagsmedarbeidaren viser vidare til ei rekkje nynorske forfattarar som er i vinden for tida: mellom dei er Frode Grytten, Ragnar Hovland, Jon Fosse, Olaug Nilssen og Edvard Hoem, som alle er vestlandsforfattarar.

- Me ser også at bruken av nynorsk i media på Vestlandet har auka, kommenterer Refseth.

Ho meiner markante forfattarar som skriv på nynorsk er med på å setje standard og lage trendar. Og det er naturleg at ein særleg ser ei nynorsk-trend vestpå, sidan det er dette som i første rekkje er nynorsk område.

MEIR SAKPROSA PÅ NYNORSK

Tilgangen på debuterande nynorskskrivande forfattarar er også god hos Samlaget, men Refseth påpeiker at godt tilsig av manus er




Forlagsdirektør Nina Refseth i det norske Samlaget meiner markante forfattarar som skriv på nynorsk er med å setje standard og lage trendar.
Foto: Siri Vaggen Olsen, Samlaget

noko ein ser i alle forlag for tida. Forlagsdirektøren er i augneblinken travelt oppteken med å gjere årets haustliste klar for lansering, og ho er difor varsam med å røpe noko om årets debutantar når journalisten er på tråden. Men generelt seier ho at dei skrivande stort sett kjem frå område der nynorsk er språk.

- Ikkje alle er frå Vestlandet, me har har også forfattarar frå til dømes Nord-Noreg og Trysil på lista, nemner Refseth.

- Gledeleg er det at nynorsk også er i ferd med å bli meir utbreidd innan sakprosa, legg direktøren til, utan at ho i farten har konkrete døme å kome med her. Berre eit heilt klart inntrykk.

Nynorsk mediesenter i Førde er eit kurs- og opplæringscenter for nynorsk i etermedia, drive av NRK. Føremålet er å auke bruken av dialekt og nynorsk i media. Vi skal rekruttere og lære opp ti nynorskpraktikantar i året, og drive kursverksemd om nynorsk og media. No lyser vi etter det åttande kullet med nynorskpraktikantar.



Nynorskpraktikant i NRK ?

Nynorsk mediesenter tek frå 3. januar 2008 inn fem nynorskpraktikantar for opplæring i seks månader. Dei får lære journalistikk for radio, fjernsyn og Internett og nynorsk eterspråk.

Opplæringa skjer i hovudsak gjennom praktisk arbeid i redaksjonen til NRK Sogn og Fjordane. Dei to siste månadane skal praktikantane ha praksis i andre redaksjonar.

For å bli nynorskpraktikant må du ville bli journalist. Vi leitar etter engasjerte og samfunnsorienterte folk, også med fleirkulturell bakgrunn. Det krevst gode allmennkunnskapar og godt språk, både skriftleg og munnleg. Det er ein føresetnad å ha fullført vidaregåande skule.

Ynskjer du å bli nynorskpraktikant må du sende oss ein skikkeleg søknad med attestar og vitnemål. Vi tilset etter intervju og studio-test. Praktikantane får løn i opplæringstida. Det er inga bindingstid til NRK etterpå, og heller ikkje garanti om arbeid.

Har du spørsmål kan du ringe Magni Øvrebotten på mobiltelefon 970 55 201 eller kontakte oss på nynorskmediesenter@nrk.no

Ynskjer du å bli nynorskpraktikant i Nynorsk mediesenter frå 3. januar 2008 må du sende oss ein søknad innan **1. oktober**.

Merk søknaden : "Nynorsk 03/07"

Nynorsk



mediesenter

Nynorsk mediesenter
Postboks 100
6801 Førde
www.nynorskmediesenter.no

www.gasta.no

Notis

Løland og den mentale helsa

Rasmus Løland sine sinnslidingar blir bakteppet for seminaret Å bera på livet i ein tråd, eit seminar om psykisk helse som skal finne stad i Asker i haust. Løland strevde sjølv med vrangførestellingar, hypokondri og depresjon gjennom ungdommen og det vaksne livet.

I seminaret, som går av stabelen i samband med fødselsdagen til Løland, vil ein mellom anna få høyre korleis det gjekk då Løland-biografen Ernst Drange tok Rasmus Løland med til sin eigen fastlege i von om å kunne få stilt ei diagnose. Også andre emne kring psykisk helsearbeid generelt vil bli belyst.

Suldølen Rasmus Løland levde sine siste år på Labråten i Asker. Labråten er i dag ein del av Asker Museum.



Gjennom seminaret vil ein bruke Rasmus Løland som utgangspunkt for å setje fokus på psykisk helse. (Ill: Leif Harald Fortbun)